Eidfjord kommune

Eidfjord kommune,
Kontrollutvalet

# Møteinnkalling

| | |
|---|---|
| **Utval:** | Eidfjord kommune, Kontrollutvalet |
| **Møtestad:** | Kommunehuset i Eidfjord, Kommunestyresalen |
| **Dato:** | 11.04.2024 |
| **Tid:** | 09:00 |

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er til Kjartan Haugsnes, tlf. 901 89 542 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982

Kjell Ove Tveit
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør/Rådmann

## Sakliste

| Utvals-saknr | Innhald | Arkiv-saknr | U.Off |
|---|---|---|---|
| | Godkjenningssaker | | |
| GK 3/24 | Godkjenning av innkalling og sakliste | | |
| GK 4/24 | Godkjenning av protokoll frå møte 08.02.2024 | 2023/449 | |
| | Politiske saker | | |
| PS 10/24 | ROV – analyse og plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028 Prosessmøte 2 | 2023/410 | |
| PS 11/24 | ROV – analyse og plan for eigarskapskontroll 2024-2028 Prosessmøte 2 | 2023/410 | |
| PS 12/24 | Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – kommunen si rolle i næringsutvikling | 2022/168 | |
| PS 13/24 | Oppfølging forvaltningsrevisjon ny sjukeheim | 2024/54 | |
| PS 14/24 | Arbeidet i kontrollutvalet, notat frå utvalsleiar. Drøftingssak | 2023/459 | |
| | Referat saker | | |
| RS 8/24 | Vedtak i kommunestyret - nytt økonomireglement | 2023/485 | |
| RS 9/24 | Vedtak Årsmelding for kontrollutvalet 2023 | 2024/20 | |
| RS 10/24 | Vedtak Forvaltningsrevisjonsrapport psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråvær | 2022/305 | |
| RS 11/24 | SV: Rutinar godtgjersle | 2023/459 | |
| | Politiske saker | | |
| PS 15/24 | Eventuelt | 2023/450 | |

**GK 3/24 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Eidfjord** kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**

Saksframlegg

**Saksnr:** 2023/449-11
**Saksbehandlar:** Kjartan Haugsnes

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Eidfjord kommune, Kontrollutvalet | 4/24 | 11.04.2024 |

# Godkjenning av protokoll frå møte 08.02.2024

### Forslag til vedtak

Protokoll frå møte 08.02.2024 vert godkjent.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Eidfjord** kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**

Saksframlegg

**Saksnr:** 2023/410-12
**Saksbehandlar:** Kjartan Haugsnes

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Eidfjord kommune, Kontrollutvalet | 10/24 | 11.04.2024 |

# ROV – analyse og plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028 Prosessmøte 2

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet godkjenner risiko og vesentlegvurdering til plan for forvaltningsrevisjon for 2024 – 2028 slik den ligg føre. (Evt. med dei endringar / justeringar som kom fram i møte).
2. Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 - 2028 vert å legga fram i kontrollutvalet sitt neste møte, og det vert då lagt opp til å innstilla til kommunestyret, som skal gjera endeleg vedtak.

### Samandrag

Kontrollutvalet er pålagd etter kommunelova §23-3 å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon.
I denne saka vert analysegrunnlaget for plan for forvaltningsrevisjon og forslag til prioriteringar i ny plan presentert.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg
1 Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028 - Eidfjord kommune-innstilling
2 ROV - Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028 - eidfjord kommune

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I kommunelova § 23-3 kan ein lese:

*«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.*

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.*
*Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»*

Dette betyr at kontrollutvalet innan utgangen av 2024 må sørgja for:

- å utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon i perioden 2024 – 2028
- at planen vert vedteken av kommunestyret, som kan delegera til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden.

Prosessarbeidet når det gjeld å utarbeida plan for forvaltningsrevisjon har vorte utført parallelt med arbeidet med plan for eigarskapskontroll. (Sjå annan sak til dette møtet).

Det er gjennomført prosessmøte 1 saman med administrasjon og politikarar 8. februar 2024. Her vart det peika på og diskutert ulike område innanfor forvaltninga som det kan vera knytt risiko til.

Vestlandsrevisjon IKS vil i dette møtet gjera greie for innhaldet i ROV- analysen, og orientera om metoden dei har brukt, samt bakgrunn for det analysegrunnlaget med risiko og vesentlegvurdering som ligg føre. Revisjonen vil og orientere om sine forslag til prioriteringar.

Det vert så lagt opp til at kontrollutvalet drøftar den framlagde analysen og peikar ut dei prosjekt som bør prioriterast i plan for forvaltningsrevisjon for komande valperiode.

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å dra i gang og gjennomføre planprosessen, m.a. gjennom vedtak i denne saka.

Når endeleg innstilling til plan for forvaltningsrevisjon 2024 - 2028 ligg føre etter møtet i kontrollutvalet 23. mai 2024, vert denne sendt til kommunestyret som vedtek planen, jfr. kommunelova § 23-3.

### Vurderingar og verknader

I neste møte i kontrollutvalet vert det laga ei innstilling for Plan for forvaltningsrevisjon som så vert sendt kommunestyret for endeleg vedtak.

### Konklusjon

Sekretariatet meiner at risiko og vesentlegvurdering som ligg føre er eigna til å ta stilling til endeleg prioritering av prosjekt som det skal gjennomførast forvaltningsrevisjon innan. Dei prosjekt som kontrollutvalet peikar på, skal innarbeidast i plan for forvaltningsrevisjon for Eidfjord kommune for 2024 – 2028.



Eidfjord kommune

# Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028

Oppdrag for kontrollutvalet

# Forord

Forvaltningsrevisjon er systematiske vurderingar av kommunens arbeid og resultat innanfor utvalde tema.

Frå kontrollutvalet i Eidfjord kommune har Vestlandsrevisjon IKS fått i oppdrag å gjennomføra ein analyse knytt til risiko- og vesentlegvurdering (ROV) og utarbeida plan for forvaltningsrevisjon.

Arbeidet er utført av Arne Gilbakken og Tommy Aarethun som er tilsette i Vestlandsrevisjon IKS. Revisor sin uavhengigheit er vurdert.

Risiko- og vesentlegvurderinga ligg som vedlegg til denne planen.

Voss, 22.03.2024

Arne Gilbakken
Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor

VESTLANDS revisjon

# Innhald

1. Innleiing ..... 4
   1.1 Plan for forvaltningsrevisjon ..... 4
   1.2 Risiko- og vesentlegvurdering ..... 5
2. Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2020-2024 ..... 5
3. Gjennomføring og rapportering ..... 7
4. Vedlegg ..... 7

# 1. Innleiing

Kontrollutvalet skal sørgje for at det vert utarbeidd ein plan og gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Dette kjem fram av lov om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven) § 23-3 og § 24-2.

Kva forvaltningsrevisjonsprosjekt kommunen ynskjer å gjennomføra skal koma fram i ein plan for forvaltningsrevisjon.

## 1.1 Plan for forvaltningsrevisjon

I kommunelova §23-3 står det:

*Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.*

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.*

*Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.*

## 1.2 Risiko- og vesentlegvurdering

Føremålet med den overordna risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) er å få fram relevant informasjon om verksemda til kommunen. Risiko- og vesentlegvurderinga skal avdekkje indikasjonar på avvik eller sårbare område i forvaltninga, sett i høve til regelverk og politiske mål og vedtak.

Analysen skal danna grunnlag for kontrollutvalet til å prioritera område i plan for forvaltningsrevisjon.

Data til analysen og for utveljing og prioritering av forvaltningsprosjekt er samla inn gjennom ulike aktivitetar som har involvert administrasjonen, politikarar og kontrollutvalet. Det har m.a. vore utført:

- Dokumentanalyse
- Analyse av KOSTRA-tal og anna offentleg statistikk
- Prosessmøte
- Samtalar med sentrale personar i administrasjonen
- Drøfting med kontrollutvalet
- I tillegg har me nytta revisjonen sin kunnskap om ibuande risiko og kjennskap til risikoområde i kommunen

Data som har vorte samla inn har gitt ei oversikt over risikoområde innanfor dei ulike sektorane i kommunen. Når det gjeld resultata av undersøkinga viser vi til vedlagde analyse.

# 2. Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2024-2028

Kontrollutvalet har drøfta forslag til prioriteringar for plan for forvaltningsrevisjon i sak PS X/24. Utvalet bad rådmann og ordførar orientera om status på enkelte påviste risikoområder i kommunen før endeleg innstilling vart vedteke.

Under diskusjonen kom barnehagetenesta opp som eit nytt område for forvaltningsrevisjon. Eidfjord kommune brukar forholdsvis mykje ressursar på barnehagetenesta i kommunen målt opp mot andre kommunar.

Det vart vist til mellom anna årsmelding og tilbakemeldingar frå brukarar av barnehagen. Kontrollutvalet ynskjer difor å prioritera ein forvaltningsrevisjon som ser på i kva grad kommunen når sine mål og innfrir brukarane sine forventingar til barnehagetenesta.

I ku-møte x.x.24 i sak x/24 innstilte kontrollutvalet på fylgjande prioritering:

| Prioritet | Område | Aktuelle tema i forvaltningsrevisjon | Andre risikoområde |
|---|---|---|---|
| 1 | Helse- og omsorg | Økonomi – kostnadsauke | |
| 2 | Sentraladministrasjonen | Oppfølging av politiske vedtak | |
| 3 | Skule | Spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp | Bør vurdere å sjå dette i samband med førebyggjande PPT i barnehage |
| 4 | Sentraladministrasjonen | Forvaltning av eigendelar og kunst | |
| 5 | Sentraladministrasjonen | Klima og miljø | |
| 6 | Sentraladministrasjonen | Internkontroll | |

Endeleg utforming av problemstillingar vil verta gjort i samband med tinging av forvaltningsrevisjon.

# 3. Gjennomføring og rapportering

For å kunne gjennomføre eit vellykka forvaltningsrevisjonsprosjekt er det viktig at kontrollutvalet definerer eit klart føremål med kontrollen og utarbeidar konkrete problemstillingar som revisor skal undersøkja. Dette bør skje i samband med tinging av dei einskilde prosjekta.

I Forskrift om kontrollutval og revisjon står det i §4 og §5 fylgjande om kontrollutvalet si oppgåve:
**§4 Kontrollutvalgets rapportering om forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller**

Kontrollutvalget skal rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om gjennomførte forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller og resultatet av dem.

**§5 Kontrollutvalgets oppfølging av kommunestyrets eller fylkestingets vedtak om revisjoner og eierskapskontroller**
Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak om regnskapsrevisjoner, forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om vedtaket er fulgt opp.

# 4. Vedlegg

Risiko- og vesentlegvurdering til plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028.



Eidfjord kommune

# Risiko- og vesentlegvurderingar til plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028

Oppdrag for kontrollutvalet

# Forord

Forvaltningsrevisjon er systematiske vurderingar av kommunen sitt arbeid og resultat innanfor utvalde tema.

Frå kontrollutvalet i Eidfjord kommune har Vestlandsrevisjon IKS fått i oppdrag å gjennomføra ein risiko- og vesentlegvurdering og plan for forvaltningsrevisjon.

Til grunn for arbeidet har revisjonen nytta ulike informasjonskjelder som kommunale plan- og økonomidokument, årsmelding, prosessmøte med administrative og politiske leiarar, offentleg statistikk som KOSTRA og elevdata samt dialog med medarbeidarar i administrasjonen. Prioriterte områder i planen vil byggja på resultata i analysen etter drøftingar med kontrollutvalet.

Vedlagt følgjer analysearbeidet for risiko- og vesentlegvurdering og forslag til tema for forvaltningsrevisjon.

Vestlandsrevisjon IKS vil takke kontrollutvalet i Eidfjord kommune for oppdraget. Me vil også takke dei involverte i administrasjonen, kommunestyret og kontrollutvalet i Eidfjord for godt samarbeid.

Arbeidet er utført av Tommy Aarethun og Arne Gilbakken som er tilsette i Vestlandsrevisjon IKS. Revisor sin uavhengigheit er vurdert.

Voss, 22.03.2024

Arne Gilbakken

Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor

# Innhald

**1 Innleiing ... 4**
1.1 Bakgrunn ... 4
1.2 Datagrunnlag og analysemetode ... 4
**2 Eidfjord kommune ... 7**
2.1 Organisasjon ... 7
2.2 Demografisk utvikling ... 8
2.3 Økonomisk utvikling ... 10
**3 Risiko- og vesentlegvurderingar ... 11**
3.1 Sentraladministrasjon ... 11
3.2 Barnehage ... 17
3.3 Skule og kultur ... 20
3.4 Helse, omsorg og sosial ... 26
3.5 Teknisk ... 34
**4 Gjennomførte forvaltningsrevisjonar og tilsyn ... 42**
**5 Oppsummering ... 43**

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Kontrollutvalet skal sørgje for at det vert utarbeidd ein plan og gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Dette kjem fram av lov om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven) § 23-3 og § 24-2.

Kontrollutvalet vedtok i sak, PS39/23, at Vestlandsrevisjon IKS skulle utarbeida risiko- og vesentlegvurdering av kommunen. Den skal gje kontrollutvalet - og kommunestyret - eit overordna verktøy til å velja område innan kommunen si verksemd som det kan vera hensiktsmessig å setja spesielt fokus på, ved å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Planen for forvaltningsrevisjon skal vedtakast av kommunestyret. Dette inneber at kommunestyret får ein aktiv og sentral rolle innan forvaltningsrevisjon og knyter forvaltningsrevisjonsarbeidet nærmare kontrollorganet. Det kjem fram av lovforarbeida at bakgrunnen for ovanståande bestemmingar er å styrke forvaltningsrevisjonen innan kommunane.

## 1.2 Datagrunnlag og analysemetode

Me har nytta data frå følgjande kjelder som grunnlag for analysen:

**Statistikk**
Me har henta inn relevante statistiske data frå KOSTRA for Eidfjord kommune og tilhøyrande KOSTRA-gruppe og landet utan Oslo. Datagrunnlaget er analysert med tanke på vesentlege avvik og risiko i forhold til KOSTRA-gruppa. Vesentlege avvik kan vera indikasjonar på at tenesta ikkje er løyst på ein tilfredsstillande måte. Det kan også vera eit uttrykk for ei effektiv organisering og drift eller eit prioritert satsingsområde for kommunen. KOSTRA-tala kan innehalda feil grunna feil i rapportering eller at norske kommunar ikkje har ein felles kontoplan og nyttar ulikt skjønn i fordelinga av t.d. kostnader i enkelte prosjekt og tenester. Ein bør vera varsam med å trekkja endelege konklusjonar på større avvik i datagrunnlaget.

Vi gjer også merksam på at det i samband med kommunesamanslåingar i 2020 har skjedd ein endring av KOSTRA-grupper[1]. Det betyr at Eidfjord no er i KOSTRA-gruppe 17, medan dei tidlegare var ein del av KOSTRA-gruppe 16.

Me har også nytta tal frå www.udir.no og www.ungdata.no som eit grunnlag for å vurdere resultat frå skuleområdet, samt tal frå www.barnehagefakta.no.

[1] KOSTRA-grupper. https://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra/statistikk/kostra-kommune-stat-rapportering/om-kostra/kostra-gruppene

**Prosessmøte**

Prosessmøte vart gjennomført med fylgjande deltakarar:
- ordførar med politiske gruppeleiarar,
- rådmann med administrative nøkkelpersonar,
- kontrollutvalet og sekretariat

Deltakarane vart inndelt i 4 arbeidsgrupper. Kvar gruppe bestod av medlemar samansett av representantar frå administrasjonen, politiske leiarar og kontrollutvalet. Gruppene gjekk igjennom ein felles mal med omtale og risiko knytt til dei ulike tenesteområda i kommunen.

Formålet var å identifisera områder med potensiale for høg risiko. Det gjaldt både generelle utfordringar kommunen står overfor og særskilde utfordringar innan dei ulike tenesteområde.

Risikoskjemaet som er nytta er i utgangspunktet delt inn i tre risikonivå: låg (L), middels (M) og høg (H). I prosessmøte har fleire av vurderingane vorte gradert låg/middels eller middels/høg. I vår framstilling har me difor valt å nytta den høgaste risikograden dvs. at middels/høg er registrert som høg (H). Det kan i enkelte tilfelle gje eit inntrykk av høgare risiko enn kva svara var meint som. Formålet med «justeringa» er fyrst og fremst og få differensiert risikovurderingane i svara frå informantane når svara viser at risikoen kan vera høgare enn middels. Såleis vil ein betre kunne skilje mellom risikoområder der mange av svara indikerer middels risiko, med dei områda der ei eller to grupper har svart at risikoen er middels/høg.

Me har også registrert at av og til har enkelte grupper ikkje gjeve noko risikovurdering eller kommentar på einskildtema. Revisjonen har tolka dette som at ein ikkje kjenner til noko vesentleg risiko knytt til dette temaet. Me har då sett risikoen til låg. To av gruppene svarte ikkje på alle tenesteområda. Dette er teke omsyn til i analysen.

**Dokumentanalyse**
Me har analysert mogeleg risiko og vesentlege forhold i kommunen sine overordna styrings- og resultat dokument. Fylgjande dokument har vorte gjennomgått:

- Årsmelding og rekneskap 2022
- Budsjett 2023 og 2024 med tilhøyrande økonomiplan
- Kommuneplan, Samfunnsdel for Eidfjord kommune 2015-2027
- Kommuneplan, Arealdel for Eidfjord kommune
- Kommunal planstrategi 2019-2023
- Arkivplan
- Ruspolitisk handlingsplan 2016-2020
- Risikoanalyse, Eidfjord kommune 02.10.2017
- Kommunedel plan for idrett/fysisk aktivitet og friluftsliv 2017-2020
- Kommunedelplan for klima og energi, 2020-2030
- Overordnet beredskapsplan, 2019
- Årsplan SFO 2023-2024
- Kriseberedskap for Modnen barnehage, 2020

Grunna kravet om tidleg avlevering har ikkje godkjent rekneskap eller årsmelding 2023 vore tilgjengeleg for oss.

**Kva meiner me med risiko i denne analysen?**
Vår analyse tek for seg risiko på eit overordna og generelt grunnlag. Det betyr at undersøkinga ikkje er uttømmande i forhold til dei område som analysen dekkjer.

**Generell risiko**
Formålet og resultatet frå den overordna analysen er å peika på områder som kan vera hensiktsmessig å følgje opp med kontrolltiltak i form av mellom anna ein forvaltningsrevisjon. Kommunen er ein organisasjon som i utgangspunktet skal forvalte og tilby innbyggjarane det same tenestetilbodet uansett kvar i landet kommunen ligg. Med dette utgangspunktet kan ein sei at kommunane har stor grad av felles trekk og utfordringar. Såleis er kommunane også utsett for ein del felles risikofaktorar. Dette kan me definere som generell risiko. Dette er risikofaktorar som kommunen kan vera eksponert for fordi kommunen leverer ein konkret tenestetype. Risikofaktorar som er generelle for kommunane er ofte omtalt i Fylkesmannens tilstandsrapportar. Me kan også finna generelle risikofaktorar i blant anna Helsetilsynet sin årlege tilsynsrapport.

**Kommunespesifikk risiko**
Det kan eksistera forskjellar mellom kommunane som bl.a. kjem til syne der lokaldemokratiet har valt å tilby tenester som ikkje er lovbestemt. Andre forhold kan t.d. vera når kommunen vel å setja bort tenesteproduksjonen til andre, for eksempel til private aktørar eller samarbeider med andre kommunar om å utføre tenestene. Andre forhold som kan skapa forskjellar mellom kommunar er knytt til demografi og geografi. Dette kan gje ulike utfordringar i forhold til omfang av og val av løysingar som vert ytt til innbyggjarane i relasjon til tenestene dei har krav på. I tillegg er det forskjellar i kommunane sine økonomiske føresetnadar på dei einskilde tenesteområda. Dette kan definerast som kommunespesifikk risiko. Dette er risikofaktorar som kommunen kan utsetjast for på bakgrunn av korleis kommunen har valt å organisera, produsera og levera ei teneste på.

**Risikofaktorar – sannsynlegheit og konsekvens**
Dersom det på eit område (eller for ei teneste) er vurdert at risikoen er høg med stor konsekvens, bør ein vurdera å iverksetja nærare undersøking. Om vektinga viser at det er høgst sannsynleg at forhold oppstår, men mindre konsekvens, eller at det er mindre sannsynleg at forhold oppstår, men konsekvensen er stor, vil det også vera naturleg å vurdera trongen for grundigare undersøkingar.

Revisjonen har vurdert moglege konsekvensar knytt til områda for risiko- og vesentlegvurdering og illustrert dette i ein tabell under kvart hovudområde. Det er særleg brukarkonsekvensar, økonomi og psykososialt miljø ein har lagt vekt på. Konsekvensane er ofte samansette og dei kan påverka prioriteringane for tema i forvaltningsrevisjonar.



**Plan for forvaltningsrevisjon**
Kontrollutvalet skal vurdera risikoforholda og gjera ei innstilling til kommunestyret over prioriterte områder i plan for forvaltningsrevisjon. Kommunestyret vedtek endeleg plan.

# 2 Eidfjord kommune

## 2.1 Organisasjon

*Figur 2.1 Organisasjonskart*




Kjelde: Budsjett 2024-Handlingsdel/Økonomiplan 2024-2027

**Sysselsette personer i Eidfjord kommune 2019-2023**

| | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|
| Alle funksjonar | 207 | 205 | 207 | 213 | 223 |
| Administrasjon, styring og fellesutgifter, kommune | 33 | 37 | 36 | 33 | 39 |
| Helse- og omsorg, barnevern og sosialtjenesten | 75 | 75 | 75 | 75 | 77 |
| Kultursektoren, kommune | 8 | 9 | 7 | 7 | 6 |
| Tekniske tjenester | 12 | 11 | 12 | 11 | 13 |
| Barnehage | 24 | 21 | 23 | 30 | 29 |
| Grunnskolesektor | 35 | 35 | 37 | 39 | 41 |
| Helse- og omsorg | 73 | 73 | 73 | 70 | 74 |
| Anna | 20 | 17 | 17 | 18 | 18 |

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Eidfjord 4619

**Merknad:**
I perioden 2019 til 2023 ser ein ei samla auke på 16 tilsette, noko som utgjer ei prosentvis auke på 7,72 %. Den største auken kjem innanfor området administrasjon, styring og fellesutgifter som aukar med 6 tilsette, noko som utgjer 18 %.

**Åpenhetsindeksen**
Åpenhetsindeksen kontrollerer kommunane si handtering av innsynskrav, tilgang til journalar, dokument, informasjon og kontaktdata på heimesidene. I tillegg vurderer indeksen kommunane sin praksis på ein del område som bruk av teieplikt utan heimel i lov og tilbøyelegheit til å lukke møte. Indeksen blir publisert av Pressens Offentlighetsutvalg.

Eidfjord kommune skåra 12,0 poeng i Åpenhetsindeksen 2023[2]. Det plasserer dei på 40 av 43 kommunar i Vestland fylke. Gjennomsnittet for Norge var 6,5 poeng, høgaste poengsum i landet var 25,0 og lågaste 0,0. Skalaen går frå – 15,0 til 26,0 poeng.

**Produksjonsindeksen**
Produksjonsindeksen er eit samlemål for tenestetilbodet til kommunane basert på produksjonsindikatorar for utvalde sektorar. Indeksen gir eit bilete av korleis nivået på tenestene er i ein kommune samanlikna med andre kommunar.

Det manglar data for Eidfjord kommune i produksjonsindeksen 2024[3].

## 2.2 Demografisk utvikling

*Tabell 2.1 Befolkningsprofil*

| Nøkkeltal | Eining | Eidfjord | | Kostra-gruppe 17 | Landet utan Oslo |
|---|---|---|---|---|---|
| | | **2019** | **2023** | **2023** | **2023** |
| Innbyggjarar | tal | 906 | 968 | 14 376 | 4832493 |
| Fødde per 1000 innbyggjarar | per 1000 | 11 | 7,2 | 9,8 | 9 |
| Døde per 1000 innbyggjarar | per 1000 | 14,3 | 16,5 | 8,7 | 8,2 |
| Netto innflytting | tal | 3 | 15 | 190 | 48 360 |
| Del skilte og separerte 16-66 år | prosent | 7,7 | 8,3 | 8,3 | 10 |
| Del einslege innbyggjarar 80 år og over | prosent | 66,1 | 47 | 489 | 136 387 |
| Registrerte arbeidsledige i prosent av befolkninga i alderen 15-74 år | prosent | 2,7 | .. | .. | .. |
| Del innvandrarbefolkning | prosent | 11,6 | 17,1 | 17,4 | 18,7 |
| Samla fruktbarheitstal | tal | 1,59 | 1,42 | .. | .. |

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Eidfjord 4619 (oppdatert 15.03.2024)

**Merknad:**
Ser ein på endringar i dei demografiske forholda frå 2019 til 2023 syner det at ein grunna netto innflytting har ført til ei auke i talet innbyggjarar. Tala syner også at det i perioden har vore ei relativ stor auke i del av befolkninga som er innvandrarar.

---

[2] Åpenhetsindeksen 2023
https://presse.no/wp-content/uploads/2023/09/Kommuneindeks_2023-15.pdf
[3] Produksjonsindeksen 2024
https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunedata/produksjonsindeks/id2507960/

Tabell 2.2 Befolkningsframskrivingar frå 2018-2028. Prognose med middels vekst

| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | 2029 | 2030 | 2031 | 2032 | 2033 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 år | 8 | 8 | 8 | 8 | 8 | 8 | 8 | 8 | 8 | 8 | 8 |
| 1-5 år | 56 | 49 | 53 | 49 | 47 | 43 | 41 | 40 | 40 | 40 | 40 |
| 6-12 år | 67 | 71 | 73 | 78 | 84 | 82 | 83 | 79 | 70 | 69 | 66 |
| 13-15 år | 31 | 36 | 29 | 28 | 19 | 25 | 28 | 35 | 38 | 36 | 36 |
| 16-19 år | 39 | 33 | 39 | 39 | 43 | 41 | 36 | 32 | 33 | 36 | 38 |
| 20-44 år | 246 | 254 | 250 | 253 | 254 | 248 | 246 | 244 | 247 | 238 | 234 |
| 45-66 år | 300 | 295 | 300 | 292 | 290 | 295 | 289 | 286 | 284 | 282 | 283 |
| 67-79 år | 136 | 142 | 140 | 146 | 140 | 141 | 148 | 156 | 152 | 159 | 160 |
| 80-89 år | 47 | 51 | 50 | 51 | 58 | 58 | 61 | 58 | 64 | 65 | 64 |
| > 90 år | 17 | 14 | 13 | 12 | 12 | 11 | 10 | 10 | 10 | 12 | 14 |
| | **947** | **953** | **955** | **956** | **955** | **952** | **950** | **948** | **946** | **945** | **943** |

Kjelde. Statistisk sentralbyrå, Befolkningsframskrivingar pr. 05.07.2022

**Merknad:**
Ifølge framskrivingane, vil Eidfjord kommunen ha færre innbyggjarar i alderen 20-66 år i 2033 enn i 2023, og fleire i alderen 67-89 år. Talet grunnskulebarn vil ikkje endra seg vesentleg frå 2023 til 2033. Ein konsekvens av desse tala er at behovet for pleie- og omsorgstenester for eldre vil auke.

**Samfunnsmessig risiko**
Pandemien som råka Norge i 2020 ser ikkje ut til å ha påført Eidfjord kommune varige utfordringar. Enkelte tiltak har nok vorte endra/flytta ut i tid som følgje av noko redusert aktivitetsnivå i samfunnet generelt. Starten av pandemien førte til ein stor etterspurnad etter fritidseigedommar i Eidfjord som førte til ressursutfordringar innan plan og byggesak. Situasjonen er no normalisert, og fristoverskridingane er vesentleg redusert. For kommunen vil dei mange nye fritidseigedommane kunne påføra helse og omsorgssektoren meiroppgåver når behov for helsehjelp oppstår.

Krigen i Ukraina har ført til ein auka straum av flyktningar til norske kommunar. Dette set ekstra press på både oppvekst, helse og omsorgssektoren. Språkvanskar, integrering, vaksenopplæring, helse og sosialhjelp  samt tilgang på bustader er nokre av dei utfordringane  også Eidfjord står overfor.

Norge har opplevd store svingingar i kraftprisane og tilgang på kraft sidan 2020. Dette vil vera ei utfordring for kraftkommunar som Eidfjord, med betydeleg inntekter frå konsesjonskraft til bruk i drift og investering. Presset frå kommunar med store økonomiske utfordringar kan også føra til endringar i inntektsmodellen t.d. Ekstraskatten som råka fleire kommunale energiselskap i 2023. Norske kommunar opplever stadig fleire statlege pålegg om å levera nye tenester til innbyggarane som t.d. barnevernsreforma. Dette vil krevja meir bemanning og driftsmidlar som igjen vil påverka kommunen sin økonomi framover.

Invasjonen av Ukraina har også ført til prioritering av det norske forsvaret med kjøp av nytt materiell og stor militær og økonomisk bistand til Ukraina. Dette vil også få konsekvensar for pengebruken som vert kanalisert til kommunane framover. Resultatet kan verta auka krav til effektivisering av den kommunale tenesteproduksjonen om ein skal oppretthalda dagens nivå.

Helsereforma Leva heile livet og satsing på helseteknologi er grep som helsesektoren tar for å møta ei stadig aldrande befolkning og knappheit på ressursar i tenesta.

Dei siste tiåra har ført med seg store klima- og miljørelaterte utfordringar. Nye områder vert råka av både flaum og ras som fylgje av meir ekstremvær. Ein trafikkauke over Hardangervidda i samband med oppgraderingar på E16  vil også setja store krav til beredskap, særleg på vinterstid i Eidfjord. Reiselivskommunar som Eidfjord med cruisetrafikk og utanlandsk masseturisme kan oppleva utfordringar med å nå FN sine berekraftsmål i forhold til utslepp av miljøgassar og ekstra slitasje på naturen kring populære turistmål i kommunen. Omsynssoner til villreinen på Hardangervidda kan også føra til redusert næringsutvikling i ramsonene i ein kommune der over halvparten av arealet er avsett til landskapsvern. Det er også uvist i kva omfang og på kva måte staten vil forsetja å stimulera næringslivet for å tryggja arbeidsmarknaden i kommunen og regionen rundt i dei komande åra.

## 2.3 Økonomisk utvikling

Tabellen under viser den økonomiske utviklinga i Eidfjord kommune i 2019 og 2023.

*Tabell 2.3 Rekneskap*

| Nøkkeltal | Eining | Eidfjord | | Kostra - gruppe 17 | Landet utan Oslo |
|---|---|---|---|---|---|
| | | **2019** | **2023** | **2023** | **2023** |
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | prosent | 4,8 | 11,7 | 17,7 | 1,0 |
| Året sitt mindre/meirforbruk i driftsrekneskapen i prosent av brutto driftsinntekter | prosent | 0,4 | 0,0 | 0 | -0,1 |
| Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter | prosent | 38,6 | 57,0 | 77,5 | 16,1 |
| Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter | prosent | -15,3 | -33,0 | -46,5 | 50,1 |
| Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktingar i prosent av brutto driftsinntekter | prosent | 70,8 | 54,4 | 61,1 | 115,1 |
| Frie inntekter per innbyggjar | kr | 86571 | 101308 | 85082 | 68010 |
| Fri eigenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter | prosent | 25 | 46,9 | 66,7 | 13,3 |
| Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter | prosent | 39,2 | 6,0 | 16,2 | 14,0 |
| Eigenfinansiering av investeringane i prosent av totale brutto investeringar | prosent | 84,9 | 100,0 | 76,7 | 37,4 |

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Eidfjord 4619 (oppdatert 15.03.2024)

**Merknad:**
Tala over syner at Eidfjord kommune har eit godt netto driftsresultat samanlikna med landet elles. Vidare er den langsiktige gjelda redusert i perioden frå 2019 til 2023, og også denne skil seg tydeleg frå landet elles. Eidfjord er ein kraftkommune og kraftinntekter, straumprisar og skattereglar vil vera ein stor usikkerheitsfaktor for kommunen sin økonomi i åra som kjem.

# 3 Risiko- og vesentlegvurderingar

## 3.1 Sentraladministrasjon

### 3.1.1 Prosessmøte

*Tabell 3.1 Sentraladministrasjon.*

| L | M | H | Område | Kommentarar |
|---|---|---|---|---|
| 1 | 2 | 1 | a. helse, miljø og tryggleik (HMT) | Manglar heilskapleg tenking på systemnivå om HMT. Kommunehuset manglar brannvarsling og har open tilgang. Tiltak planlagt i øk.pl. |
| 1 | 2 | 1 | b. IKT-tryggleik | Aukande trusselbilete, mange sensitive opplysningar. Stort fokus, godt system. |
| 1 | 3 | | c. personvern | Kan vera utfordrande med små forhold. Noko risiko i høve publisering av postlister. Tydelegare avtale om teieplikt. Personvernombod avtale med Bergen frå 1.1.24. |
| 3 | 1 | | d. økonomistyring/budsjettoppfølging | Viktig med tett samarbeid mellom einingane og økonomikontoret. Meir opplæring for einingsleiarar. Klarare økonomiske målsetjingar for prioritering. Liten kommune er sårbar mht. ressursar. |
| | 3 | 1 | e. oppfølging av politiske vedtak | Høg aktivitet. Rådmann jobbar med betre ansvarsfordeling og nye rutinar. Risiko knytt til oppfølging/gjennomføring og rapportering av «eldre vedtak». Kan vera noko manglar i høve tilbakemelding til politisk nivå. |
| | 4 | | f. internkontroll/interne rutinar | Sårbart når folk sluttar. Liten administrasjon. Viktig å skriftleggjera rutinar. Manglar lik praksis knytt til internkontroll i einingane. |
| 2 | 2 | | g. mislegheiter av ulik art | Bevisst i høve at «alle kjenner alle. Låg risiko, men store konsekvensar. |
| 2 | 2 | | h. etikk og varsling | Har varslingsrutinar og etiske retningslinjer. Avvikssystem og handsaming kan vera utfordrande ved små forhold. |
| 2 | 2 | | i. innkjøpsordning/offentlege anskaffingar | Tilsett jurist for betre arbeid med offentlege anskaffingar. Manglande samarbeid mellom einingane og økonomikontoret i utforming av nye, interkommunale innkjøpsavtaler. |
| 2 | 2 | | j. rutinar for offentleg arkiv og innsyn | Oppdatert system for elektronisk arkiv i 2024. Praktiserer fullt innsyn i postlister, som kan gi risiko for uønskt publisering av personsensitiv informasjon etc. Risiko for manglande arkivering |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | av arkivverdig materiale i investeringsprosjekt relatert til eksterne samarbeidspartar. |
| 2 | 2 | | k. innhaldet i saksutgreiingar frå administrasjonen | Sakshandsaming blir følgt opp etter tidlegare forvaltningsrevisjon. Ynskjeleg at vurderingar også gjer betre greie for konsekvensar av vedtak. Enkelte saksutgreiingar kan bli meir lesarvennleg inkludert sortering av vedlegg. Behov for internopplæring. |
| 3 | 1 | | l. leiaravtalar | Manglar (oppdaterte) leiaravtalar og stillingsbeskrivingar. |
| 4 | | | m. servicefunksjonar/kundetorg i kommunen | Førsteline kan vera utsett for truslar. Redusert opningstid. |
| 2 | 1 | 1 | n. sjølvkosttenester | VA-anlegg krev omfattande investeringar. Stor økonomisk risiko for både kommunen, og utbyggjarar. Høge kostnader for enkeltabonnentar. Kontrollutvalet har oppfølging på sjølvskostproblematikken. |
| 1 | 1 | 2 | o. forvaltning av kommunen sine eigendelar og kunst | Manglande register og kartlegging av eigardeler. |
| | 2 | 2 | p. miljø- og klimatilpassingar i kommunen | Kommunen har for dårleg vurdering av fysisk risiko, omstillings- og ansvarsrisiko. Fare for ureinsa vatn i regulert vassdrag, Regulert vassdrag tørrlegg Bjoreio, risiko for yngel og laks/aurebestand. Enøk-fond, elbilar, miljøfyrtårn. |
| 1 | | 3 | q. beredskap | Det er god fokus på beredskap i administrasjonen. Medlemmar av KKL bur ikkje i kommunen, dette kan vera ein risiko dersom det oppstår feil på viktig infrastruktur som mobilnett og digital tryggleiksalarm mm. Langt til politi. Frivillig brannvern står i fyrstelinja for uønskte hendingar. Kan i framtida mista stasjonær ambulanse. 20% beredskapskoordinator, men mykje attståande arbeid bl.a. avtale om båttransport. |
| 2 | 2 | | r. bemanning | Generell utfordring at Eidfjord kommune skal levera same tenester som store med ein mindre administrasjon. Rekruttering, kompetanse, Kommunen som «stepping stone». Turn over på nokre avdelingar. |
| 3 | 1 | | s. psykososialt miljø | Kan vere utfordrande for enkelte avdelingar i høve avgjersler ein er «ueinig» i. |
| 4 | | | t. sjukefråvær | Lågt sjukefråvær, men sårbare i høve kritiske funksjonar i høve sjukefråvær, liten adm. |
| 3 | 1 | | u. økonomi | Fordeling av kostnader frå fellesfunksjonar, for eksempel IKT, straum til bustader mfl.. Sårbare i |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | høve endringar i inntektssystem, kraftinntekter og låneopptak. |
| 4 | | | v. inntekter/refusjonar innan helse sjukepengar/barnevern/… | |
| 3 | 1 | | w. interkommunalt samarbeid | Heilt avhengig av interkommunalt samarbeid på enkelte område, ein er for liten til å levera tenestene aleine. Har politikarane oversikt og kontroll på samarbeida? Ulvik har sagt opp samarbeidsavtalar og evaluerer samarbeid om PPT og barnevern. |
| 1 | 3 | | x. rekruttering | Kommunen må vera konkurransedyktig mtp. lønn, arbeidstidsordning, kompetanseutvikling og tilrettelegging. |
| | | | y. anna | |

### 3.1.2 Vurderingar

**IT-tryggleik**

IT-tryggleik er eit område med høg risiko. Stadig meir av tenesteproduksjonen byggjer på utstrekt bruk av IT- og kommunikasjonsløysingar. Dette gjer kommunen sin tenesteproduksjon sårbar for fleire forhold. Me vil peika på fylgjande forhold:

*IT og kommunikasjon*

Enkelte risikoar forsvinn, noko varer ved og ny risiko oppstår gjennom bruk og utvikling av IT- og kommunikasjonsløysingar.

- Ny IT- og datakommunikasjon gir forenkling og effektivisering for tenesteområda i kommunen
- Teknologien skapar spennande utfordringar for medarbeidarar med samansette og innovative løysingar
- Moderne IT- og kommunikasjonsløysingar endrar tenesteproduksjonen og skal gje betre informasjonstilgang og effektivitet for brukarane/kommunen.

*Sårbare forhold*

- Overgang til automatisert styring gjennom nettverk kan gi hackarar og utro tenarar uønskt tilgang
- Brot på ekstern internettilgang gjennom fiber og anna telekommunikasjon
- Små feil kan gje store konsekvensar for tenesteproduksjon og utstyr
- Manglande risikoforståing og brukarkompetanse kan gje uønskte hendingar og svekka tryggleik
- Auka fare for misbruk av sensitive personopplysningar

*Sentrale områder/infrastruktur*

- Styring og kontroll av vatn og avløp
- System som inneheld personopplysningar

- Økonomi og støtteverktøy i kommuneadministrasjonen
- Kontroll og styringssystem
- Arkiv og journalsystem
- Eksterne tenestelevarndørar vil i større grad ivareta IT-tryggleiken grunna sky-løysingar

*Aktuelle risikofaktorar*

- Tilgangskontroll
  - Tildeling og fjerning
  - Passordrutinar
  - Brannmurar
- Vern mot virus og andre "ondsinna" kodar
- Backup/sikkerheitsoppdatering av programvarer
- Fysisk sikring av anlegg og installasjonar
- Samband mellom enkeltutstyr og system
- Brukarkompetanse
- Misbruk og offentleggjering av personsensitiv informasjon
- Endringshandtering, kontinuitetsplanlegging og avvikshandtering
- Styring av eksterne leverandørar
- Arbeidsdeling/samarbeidspartar i det offentlege

Me er gjort kjent med at det er utarbeid ein operativ plan for IKT, men den har ikkje vore tilgjengeleg for vår analyse.

Det er i prosessmøte peika på at kommunen har gode system. I førre ROV vart det peika på at kommunen ikkje hadde noko heilskapleg system for handtering av rutinar innan IT- og kommunikasjon. Eidfjord samarbeider tett med Kvam og Ulvik om sine dataløysingar. Personrelaterte IT-løysingar skjer lokalt i kommunen for å sikra tilgang til viktig informasjon ved nettproblem og omsyn til tryggleik av sensitive personopplysningar.

Revisjonen ser på tenesta som eit mogeleg risikoområde med uynskte konsekvensar for kommunen og deira innbyggarar.

**Personvern**

Ein stor del av informasjonsflyten i ein kommune inneheld personopplysningar om innbyggarane til kommunen, tilsette og politikarar. I 2018 tredde ny personopplysningslov i kraft, og dermed vart GDPR[1] (EUs personvernforordning) innført som del av norsk regelverk. Mange av krava i GDPR er dei same som i gammal personopplysningslov, men det er òg komme ein del nye krav.

Målet med informasjonstryggleik er å sikra konfidensialitet, integritet og tilgang. Revisjonen har ikkje avdekt særskilde risikoforhold knytt til temaet i Eidfjord kommune, men det er peika på som eit risikoområde i forvaltninga t.d.. feilpublisering i postlister.

---

[1] General Data Protection Regulation

**Oppfølging av politiske vedtak**
I fylgje prosessmøte er det høg aktivitet i kommunen. Rådmann jobbar med betre ansvarsfordeling og nye rutinar. Det er risiko knytt til oppfølging/gjennomføring og rapportering av «eldre vedtak». Det kan vera noko mangelfull tilbakemelding til politisk nivå var konklusjonen på prosessmøtet. Rådmannen har kort fartstid i Eidfjord og det kan vera risiko for at enkelte historiske saker vert nedprioritert/oversett i administrasjonen. Rutinar for oppfølging av politiske vedtak har fått middels til høg risiko og er eit relevant tema for forvaltningsrevisjon.

Internkontroll er eit område der risikoen kan verta høg om det ikkje eksisterer eit heilskapleg system for kontroll og rapportering. Kommuneleiinga har tidlegare delteke i eit KS-organisert arbeid for å etablera gode kontrollrutinar. I fylgje prosessmøte manglar det felles praksis knytt til internkontroll mellom avdelingane og enkelte skriftlege rutinar. Dette gjer det sårbart når folk sluttar. Området kan vera eit tema for forvaltningsrevisjon i inneverande periode.

**Etterlevering av arkivlov og rutinar**
Kommunen si arkivordning er nervesystemet som skal sikre dokumentasjon av aktiviteten i kommunen. Administrative og politiske vedtak, kontraktar, saksgrunnlag m.m. har både ein rettsleg, historisk og samtidsfunksjon som skal vera tilgjengeleg for innsyn og kontrollarbeid. Revisjonen har erfart i fleire kommunar, inkludert Eidfjord, at det har vore utfordrande å få tilgang/innsyn i arkivverdig materiale i sitt arbeid. Årsakene kan vera knytt til lagringsrutinar og struktur. Organisasjonen er i ferd med å innføra ny versjon av arkivsystemet.

Digitalisering og brukarkompetanse kan vera døme på områder som kan gi uønskt risiko. Me er også usikre på kor godt leiarane er kjent med sitt ansvar knytt til arkivrutinar for dei tenestespesifikke løysingane som er brukt. Det vart i fylgje årsmelding 2022 gjennomført arkivtilsyn i 2020 der alle pålegg etter påviste avvik vart følgt opp innan 2022. Nyleg tilsyn og innføring av oppdatert arkivløysing i 2024 tilseier at det bør gå noko tid før gjennomføring av ein forvaltningsrevisjon.

**Forvaltning av eigardeler og kunst**
Prosessmøte kom fram til at det var ein vesentleg risiko knytt til manglande registrering av kommunen sine eigendelar og kunst. Dette er eit området som ikkje har vorte tilstrekkeleg kartlagt og registrert. Område kan vera eit mogleg tema for forvaltningsrevisjon i planperioden.

**Psykososialt arbeidsmiljø**
Årsmeldinga viste eit samla sjukefråvær på kring 9,9 % i 2022. Det uttalte målet på sjukefråværet er på 6 %. Det vart nyleg gjennomført ein forvaltningsrevisjon knytt til psykososialt arbeidsmiljø innan barnehage og pleie og omsorgssektoren.

Det vil vera ei viktig oppgåve for kontrollutvalet å følgje opp tilrådingane i høve administrasjonen i inneverande periode.

**Klima og miljøtilpassing**
Kommunen har ein oppdatert klimaplan gjeldande til 2030. Den adresserer viktige kjelder for utslepp av miljøgassar og energibruk. Nasjonale målingar har ikkje teke inn utslepp knytt til cruise-trafikken. Det vart også peika på fleire sider ved miljøet som gir konkrete utfordringar for lokale økosystem fleire stadar i kommunen. Det er også utfordringar knytt til korleis Eidfjord skal nå sine berekraftsmål med bl.a. forventa trafikkauke på RV7 som fylgje av omfattande tiltak i Lærdalstunnelen dei nærmaste åra.

Kommunen har eit mål om å få miljøsertifisert sine bygg som eit konsern for å forenkla prosessen framover. Eit viktig spørsmål er korleis ein tek hand om klima og miljøutfordringane knytt til eksisterande og nye reguleringsplanar, inkludert ny arealplan. Klima og miljøarbeidet i kommunen kan vera eit mogleg området for forvaltningsrevisjon i perioden for å styrka merksemda på kommunen si rolle som pådrivar.

**Beredskap**
Kommunen har styrka fokus på beredskap med etablering av ny beredskapskoordinatorstilling i 2023. Statsforvaltaren vil gjennomføra eit tilsyn knytt til kommunen sin beredskap og helseberedskap i april 2024. Det er også nyleg gjennomført heildags beredskapsøving relatert til Tussafoten i Øvre Eidfjord saman med bl.a Statsforvaltaren og politiet. Det er utarbeid eigen beredskapsplan for Tussafoten i eit samarbeid mellom Eidfjord kommune, Statsforvaltaren, NVE og politiet.

Drøftinga på prosessmøte viser at kommunal beredskap er vurdert som eit område med relativt høg risiko. Dette skuldast mellom anna utfordringar med at fleire av KKL sine medlemmer bur i andre kommunar og det kan vera utfordrande å samla kriseleiinga om både digital kommunikasjon og vegnett er ute av drift. Samstundes ser me at statsforvaltaren har stor merksemd på å fylgje opp kommunane sin beredskap gjennom bistand til ein systematisk metode for ROS-analyse, revidering av beredskapsplanar og tettare samarbeid med nabokommunane for å styrkja den regionale beredskapen.

I dag er det eit formelt samarbeid om brann og redningstenesta med Voss. Eidfjord si geografiske plassering med riksveg 7 gjennom kommunen og stor turistaktivitet bidrar til at uønskte hendingar vil skje oftare enn storleiken på kommunen tilseier. Då er tilgang til ambulanse, lokal brann og redningstenesta saman med medisinsk personell avgjerande for beredskapen innan liv og helse.

Kommunen sin beredskap er vurdert som god. Det vert stilt spørsmål ved om KKL har naudsynt operativ evne når fleire av medlemmane er busett i andre kommunar. Dette går på mogleg brot på viktig infrastruktur som mobil, fiber og veg. Det er også uklårt om transportløysing med båt er hensiktsmessig trygga. Området har fått risikovurdering høg frå fleire under prosessmøtet. Revisjonen ser det som hensiktsmessig at ein mogleg forvaltningsrevisjon vert vurdert etter at ny overordna ROS er på plass og eventuelle beredskapsplanar er revidert.

### 3.1.3 Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon

| Risiko | Område | Aktuelle tema i ein forvaltningsrevisjon | Andre risikoområder |
|---|---|---|---|
| Høg | Sentraladministrasjonen | Oppfølging av politiske vedtak | |
| Middels | Sentraladministrasjonen | Forvaltning av kommunen sine eigendelar og kunst | |
| Middels | Sentraladministrasjonen | Internkontroll | |
| Middels | Sentraladministrasjonen | Klima og miljø | |

## 3.2 Barnehage

### 3.2.1 KOSTRA-statistikk

*Tabell 3.2 Barnehage*

| Nøkkeltal | Eining | Eidfjord | | Kostra-gruppe 17 | Landet utan Oslo |
|---|---|---|---|---|---|
| | | 2019 | 2023 | 2023 | 2023 |
| Del barn 1-2 år i barnehage, ift. innbyggjarar 1-2 år | prosent | 95,7 | 95,0 | 80,8 | 88,8 |
| Del barn 1-5 år i barnehage, ift. innbyggjarar 1-5 år | prosent | 103,6 | 100,0 | 90,4 | 94,0 |
| Del barn 3-5 år i barnehage, ift. innbyggjarar 3-5 år | prosent | 109,4 | 103,3 | 96,2 | 97,3 |
| Del barn i kommunale barnehagar ift. alle barn i barnehage | prosent | 100 | 100,0 | 97,8 | 50,1 |
| Tal barn korrigert per årsverk til grunnbemanning, alle barnehagar | tal | 5 | 4,6 | 4,7 | 5,7 |
| Del barnehagelærarar ift. grunnbemanning | prosent | 21,9 | 39,1 | 40,6 | 41,3 |
| Del barn som får spesialpedagogisk hjelp, ift. alle barn i kommunale barnehagar | prosent | 0 | 5,9 | .. | 4,0 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter til barnehagar (f201, f211, f221) per korrigerte opphaldstimar i kommunale barnehagar | kr | 89,2 | 128,7 | 121,9 | 97,2 |
| Del minoritetsspråklege barn i barnehage ift. innvandrarbarn 1-5 år | prosent | : | 88,9 | 83,9 | 85,8 |
| Netto driftsutgifter barnehagar i prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter | prosent | 11,8 | 12,0 | 11,3 | 14,2 |
| Netto driftsutgifter barnehagar, per innbyggjar 1-5 år | kr | 245091 | 375380 | 289511 | 211694 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter f201 per korrigerte opphaldstimar i kommunale barnehagar | kr | 75,6 | 109,5 | 102,4 | 76,2 |

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Eidfjord 4619 (oppdatert 15.03.2024)

**Merknad:**
Av tala er det vert å merke seg at Eidfjord, samanlikna med både KOSTRA-gruppa og landet elles, har høgre netto driftsutgifter til barnehagar pr. innbyggjar. Det er også verdt å merke seg at talet born per årsverk i barnehagane i perioden 2019-2023 er redusert frå 5 til 4,6.

### 3.2.2 Statistikk frå Barnehagefakta.no (Utdanningsdirektoratet)

Nettsida Barnehagefakta[4] til Utdanningsdirektoratet viser at barnehagen i Eidfjord per desember 2023:

- oppfylte grunnbemanningsnorma – med 4,6 barn per tilsett,
- oppfylte pedagognorma – 87 prosent av dei tilsette er barnehagelærarar eller tilsvarande (sjå figur under),
- hadde 6,7 m2 leike- og opphaldsareal vs. 5,9 m2 nasjonalt.

*Tabell 3.3 Del tilsette i barnehagen med ulike typar utdanning/bakgrunn*




Kjelde: Barnehagefakta, https://barnehagefakta.no/kommune/4619/eidfjord (oppdatert per desember 2023)

### 3.2.3 Effektivitetsanalyse frå Senter for økonomisk forsking (SØF)

Senter for økonomisk forskning (SØF) har utarbeidd berekningar for effektiviteten i dei kommunale tenestene[5]. Ifølge berekningane til SØF var effektivitetsverdien til barnehagen i Eidfjord kommune 64 prosent i 2021 og 65 prosent i 2022. Det gjer at Eidfjord kjem på 5. plass i kommunegruppe 17, som består av 8 kommunar i 2022 når det gjeld effektivitet i barnehagen.

[4] Barnehagefakta.no er Utdanningsdirektoratet sin portal for publisering av nøkkeltal og nøkkelinformasjon for barnehagar i Norge.

[5] Metoden seier noko om den enkelte kommune sin effektivitet i forhold til beste etablerte praksis. Dei mest effektive kommunane innanfor eit tenesteområde og ei gruppe av samanliknbare kommunar får effektivitetsverdi 100. Dersom ein kommune får verdien 70 innanfor eit tenesteområde, tilseier dette at kommunen er 30 prosentpoeng mindre effektiv enn den mest effektive kommunen.

*Figur 3.1 Effektivitetsverdi for barnehagen. Eidfjord sin kommunegruppe. 2022*




Kjelde: Regjeringen.no: Kommunedata: [Resultater for den enkelte kommune - effektivitetsanalyse]

### 3.2.4 Prosessmøte

*Tabell 3.4 Barnehage.*

| L | M | H | Område | Kommentarar |
| Eigardel: 0,01 %<br>Tilsette: 21<br><br>Utført eigarskapskontroll:<br>Nei | Formål:<br>Å gje ut ei partipolitisk ubunden avis på nynorsk. Selskapet skal kunne drive handel og eige eller på annan måte ta del i andre forretningstiltak.<br><br>Eigarar:<br>Aksjonærar — Eigardel<br>Stiftinga Vener av Dag Og Tid — 9,0 %<br>Sveinung Lindaas — 4,8 %<br>Levald Aarhus — 3,7 %<br>Svein Gjerdåker — 3,1 %<br>Stiftinga Det Norske Samlaget — 2,2 %<br>Noregs Mållag — 2,1 %<br>Andre — 75,2 %<br><br>Likviditetsgrad: Tilfredsstillande<br>Soliditet: God | | |
| Nøkkeltal (1000 NOK) | 2022 | 2021 | 2020 |
| Eigenkapital | 6 799 | 6 583 | 4 980 |
| Inntekter | 40 732 | 37 989 | 34 481 |
| Årsresultat | 75 | 1 220 | 580 |

| **KLP - Kommunenes Landspensjonskasse GFS - Org nr 938 708 606** | | | |
|---|---|---|---|
| Eigardel: Uvesentleg<br>Tilsette: 658<br><br>Utført eigarskapskontroll:<br>Nei | Formål:<br>Selskapet skal ivareta medlemmenes behov for tjenestepensjonsordninger. Selskapet kan også enten selv eller gjennom deltakelse i andre selskaper tilby andre pensjons- og forsikringsprodukter, og kan delta i eller drive enhver virksomhet som naturlig henger sammen med forsikringsvirksomhet og enhver annen virksomhet som er tillatt for livsforsikringsselskaper, herunder administrasjon og forvaltning av pensjonskasser.<br><br>Likviditetsgrad: Meget god<br>Soliditet: Svak | | |
| Nøkkeltal (1000 NOK) | 2022 | 2021 | 2020 |
| Eigenkapital | 42 799 000 | 40 678 000 | 39 382 000 |
| Inntekter | 44 252 000 | 101 386 000 | 62 538 000 |
| Årsresultat | 897 000 | 469 000 | 1 020 000 |

| **Rehabiliteringssenteret AIR AS – Org nr 934 452 011** | | | |
|---|---|---|---|
| Eigardel: Uvesentleg<br>Tilsette: 85<br><br>Utført eigarskapskontroll:<br>Nei | Formål:<br>Drift av eit rehabiliteringssenter i spesialhelsetenesta der auka arbeidsdeltaking er det overordna målet. AiR - Klinikk si kjerne-verksemd er å bidra til at personar som er utanfor, eller i fare for å falle ut av arbeidslivet på grunn av helseproblem, får betre funksjon og auka bevisstgjering av deira ressursar og moglegheiter, på ein måte som styrkjer arbeidsevna. AiR klinikk har fokus både på individet og omgjevnadane for å oppnå auka arbeidsdeltaking. AiR - Nasjonalt kompetansesenter for arbeidsretta rehabilitering si kjerne-verksemd er å bidra til forsking, fagutvikling, formidling, nettverk og innovasjon innan faget arbeidsretta rehabilitering<br><br>Eigarar:<br>Aksjonærar — Eigardel<br>Vinje kommune — 16,1 %<br>Norsk Hydro ASA — 15,3 %<br>Rehabiliteringssenteret AiR AS — 7,9 %<br>ABB AS — 5,1 %<br>Andre — 55,6 %<br><br>Eidfjord kommune har opplyst at dei eig ei aksje i selskapet.<br><br>Likviditetsgrad: Svak<br>Soliditet: Meget god | | |
| Nøkkeltal (1000 NOK) | 2022 | 2021 | 2020 |
| Eigenkapital | 92 982 | 90 374 | 83 345 |
| Inntekter | 92 982 | 90 374 | 83 345 |
| Årsresultat | 2 655 | 8 964 | 14 413 |

# 7. Gjennomførte eigarskapskontrollar i Eidfjord kommune

- Sysendalen Skisenter AS (2010)
- Hardangervidda Natursenter Eidfjord AS (Norsk natursenter AS) (2010)
- Eidfjord Utvikling AS (2013) – inkl. forvaltningsrevisjon
- Hardangerbrua AS (2014) – gjennomført av Deloitte
- Hardangerrådet IKS (2016) – inkl. forvaltningsrevisjon
- Eigarskapsforvaltning (2018)
- Indre Hordaland Miljøverk (2019) – inkl. forvaltningsrevisjon

# 8. Aktuelle eigarskapskontrollar nemnt i prosessmøte

Under prosessmøte 07.02.2024 kom deltakarane fram til eitt selskap som dei meinte hadde høg risiko og vesentlegheit, Norsk Natursenter AS. Fire andre vart vurdert til medium.

Me har lista opp moment som kom fram i møtet om dei aktuelle selskapa.

| | Selskap/område | Identifiserte risikoområde | Type selskap |
|---|---|---|---|
| 1 | Norsk Natursenter AS | • Framtidige vedlikehaldskostnadar<br>• Ikkje vore gjennomført revisjon sidan 2010 (Hardangervidda Natursenter Eidfjord AS)<br>• Heileigd selskap | Aksjeselskap som er heileigd av kommunar/fylkeskommunar, jf. kommunelova § 23-6d |
| 2 | Hardangerrådet IKS | • Mindre viktig i framtida<br>• Berre ein tilsett<br>• Vil ein ha eit regionråd? | Interkommunalt politisk råd, jf. kommunelova 23-6b |
| 3 | Sysendalen skisenter AS | • Skal dette eksistere i framtida?<br>• Kjem store endringar i nær framtid | Aksjeselskap som er heileigd av kommunar/fylkeskommunar, jf. kommunelova § 23-6d |
| 4 | Hardangerviddatunnelene AS | • Avhengig av progresjon i ny NTP | Aksjeselskap som er heileigd av kommunar/fylkeskommunar, jf. kommunelova § 23-6d |
| 5 | Energiselskapet Hardanger AS | • Store framtidige investeringar | Aksjeselskap som er heileigd av kommunar/fylkeskommunar, jf. kommunelova § 23-6d |

# 9. Forslag til prosjekt

På bakgrunn av informasjonen som er samla inn og analysert er følgjande selskap mest aktuelle: Norsk Natursenter AS og Energiselskapet Hardanger AS. I tre av selskapa som er vurdert til medium knyt vurderingane seg til framtidig eksistensgrunnlag, og desse er soleis etter vår vurdering i mindre grad relevant for eigarskapskontroll på noverande tidspunkt.

Utval og prioritering av eigarskapskontroll vil gå fram av vedteken plan for eigarskapskontroll 2024 etter innstilling frå kontrollutvalet.

I val av eigarskapskontrollprosjekt som er presentert under fokuserer me på område/selskap kor det kjem fram opplysningar eller indikasjonar på spesielle utfordringar. Me kan ikkje utelukka at andre område/selskap burde eller kunne vore tekne med i oppstillinga under.

| | Selskap/område | Identifiserte risikoområde | Type selskap |
|---|---|---|---|
| 1 | Norsk Natursenter AS | • Framtidige vedlikehaldskostnadar<br>• Ikkje vore gjennomført revisjon sidan 2010 (Hardangervidda Natursenter Eidfjord AS)<br>• Heileigd selskap | Aksjeselskap som er heileigd av kommunar/fylkeskommunar, jf. kommunelova § 23-6d |
| 2 | Energiselskapet Hardanger AS | • Store framtidige investeringar | Aksjeselskap som er heileigd av kommunar/fylkeskommunar, jf. kommunelova § 23-6d |

Under prosessmøte 07.02.2024 var det administrasjonen og politikarane si vurdering at ein ikkje ynskte å prioritera forvaltningsrevisjon i samband med eigarskapskontrollane på noverande tidspunkt.

**Eidfjord** kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**

Saksframlegg

**Saksnr:** 2022/168-17
**Saksbehandlar:** Kjartan Haugsnes

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| **Eidfjord kommune, Kontrollutvalet** | **12/24** | **11.04.2024** |

# Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – kommunen si rolle i næringsutvikling

### Forslag til vedtak

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Kontrollutvalet ser seg til no nøgd med oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten, Kommunen si rolle i næringsutvikling.

### Samandrag

Dette er oppfølging etter gjennomført forvaltningsrevisjon «Kommunen si rolle i næringsutvikling».

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Eidfjord kommune gjorde 05.09.2022 slikt vedtak i sak PS 22/073:

På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon «Kommunen si rolle i næringsutvikling» ber kommunestyret rådmannen syte for:

1. At rutinebeskrivingane innan byggesak omtalar partar sine rettar knytt til veiledningsplikt, munnleg konferanse og førehandskonferanse.

2. At rutinen for byggesakshandsaming vert revidert i forhold til å sikre at tiltakshavarar får refundert/ikkje vert fakturert sakshandamingsutgiftene når sakshandsaminga går utover lovfristen på 12 veker.

3. At internkontrollrutinane og sakshandsamingsprosedyrane i plan- og byggesak vert gjennomgått og vurdert.

4. Å vurdere oppdatering av reguleringsplanar som ein identifiserer fører til mykje søknader om dispensasjon, slik at planverket er godt nok til å ivareta kommunen sine mål med innbyggjarservice og næringsutvikling.

5. Å vurdera å gjennomføra ei fleirårig brukarundersøking knytt til sakshandsaming innanfor plan- og byggesak.

6. Kommunestyret ber og om at rådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Eidfjord kommune innan 01.10.2022 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

### Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet hadde oppfølging av rapporten sist i møte 31.05.2023. Her vart det gjort slikt vedtak:

1.Informasjonen vert teken til orientering.
2.Kontrollutvalet ser seg nøgd med oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten, Kommunen si rolle i næringsutvikling.
3.Kontrollutvalet ønskjer at rådmann kjem inn i første møte i 2024 og orienterer om status på dei punkta som er planlagd gjennomført.

Grunna gjennomføring av prosessmøte i første møte i 2024, kjem no oppfølging i andre møte i 2024.

I møtet 31.05.2023 vart det og protokollert slik under handsaming i møtet:

Rådmann Magnus Steigedal orienterte og svarte spørsmål.

- Rapporten vert brukt
- Rådmann gjekk gjennom punkta som sendt ut.
- Notat som oversendt kontrollutvalet er oppfølging som no kjem som handling.
- Brukarundersøking som skrive om i pkt. 5 vert diskutert, ma i høve personvern.
- Ansvar ligg til avdelingsleiar å følgje opp vidare.

Sekretariatet sendte over spørsmål om vidare oppfølging til rådmann 15.03.2024

På bakgrunn av orientering frå rådmann må kontrollutvalet avgjere om ein ser seg nøgd med oppfølginga eller om ein ønskjer vidare oppfølging i 2024.

**Konklusjon**

Sekretariatet rår til at informasjonen vert teken til orientering og at ein til no er nøgd med oppfølginga. Utvalet må vurdere om det er trong for vidare oppfølging i 2024.

Eidfjord kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**

Saksframlegg

**Saksnr:** 2024/54-1
**Saksbehandlar:** Kjartan Haugsnes

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Eidfjord kommune, Kontrollutvalet | 13/24 | 11.04.2024 |

# Oppfølging forvaltningsrevisjon ny sjukeheim

### Forslag til vedtak

1. Informasjonen vert teken til orientering
2. Kontrollutvalet ser seg nøgd med oppfølginga av revisjonen og avsluttar denne no.

### Samandrag

Dette er oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport ny sjukeheim i Eidfjord.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg
1 Svar forvaltningsrevisjon til kontrollutvalet

# Saksutgreiing

## Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet handsama rapporten i møte 06.05.2021, PS 29/21 og vedtok slik innstilling:

1. Kommunestyret tek rapport etter gjennomførd forvaltningsrevisjon av ny sjukeheim i Eidfjord kommune til etterretning
2. Kommunestyret ber rådmannen syta for at:
a) det vert utarbeida eit økonomireglement som omhandlar kommunen sine retningslinjer knytt til økonomi. Det kan eksempelvis inkludera investeringsprosjekt, rapportering og innkjøpsrutinar.
b) Eidfjord kommune har ein oppdatert arkivplan i tråd med gjeldande regelverk.
c) postmottak i større grad er ein adressat ved inngåande post og ved bruk av e-post i saksbehandling for å sikra at dokument vert journalført og lagra i fellesarkivet.
d) etterleving av rutinar for journalføring og arkivering hjå tilsette i kommunen vert styrka og styrka internkontrollen i forhold til leiarane sitt arkivansvar.
e) eventuelle avvik knytt til arkivrutinane i fagsystem og webhotell vert retta opp.

Kommunestyret vedtok samrøystes innstillinga til kontrollutvalet i møte 14.06.2021, PS 21/032

## Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

## Vurderingar og verknader

Kommunen har i stor grad følgt opp tilrådingane i rapporten sjølv om noko har teke tid. Til dømes har nytt økonomireglement no kome på plass i 2024. (Sjå referatsak til dette møtet)

Rådmannen har sendt over status på oppfølging av punkta i tilrådinga frå revisjonen. Sjå vedlegg. Kommunen har etter sekretariatet si meining kome i hamn i høve rapporten sine tilrådingar. Det er og slik at dei fleste kommunar skiftar fagsystem jamnleg og oppdateringar og nye rutinar kjem til.

Sekretariatet rår til at kontrollutvalet lukkar denne revisjonen og seier seg nøgd med oppfølginga frå kommunen.

Det er avtalt at rådmann Magnus Steigedal kjem i møtet og orienterer utvalet.

## Konklusjon

Sekretariatet tilrår at informasjonen vert teken til orientering. Vidare vert det tilrådd at utvalet avsluttar oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen.

**EIDFJORD KOMMUNE**

**NOTAT**

| Vår ref. | Saksh.: | Magnus Steigedal | Arkivkode | Arkivsak | Dato: |
|---|---|---|---|---|---|
| 24/2967 | Telefon: | | K1-216, K2-H00 | 17/349-12 | 21.03.2024 |

# Oppsummering tiltak i høve forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet handsama rapporten i møte 06.05.2021, PS 29/21 og vedtok slik innstilling:

1. Kommunestyret tek rapport etter gjennomførd forvaltningsrevisjon av ny sjukeheim i Eidfjord kommune til etterretning

2. Kommunestyret ber rådmannen syta for at:
a) det vert utarbeida eit økonomireglement som omhandlar kommunen sine retningslinjer knytt til økonomi. Det kan eksempelvis inkludera investeringsprosjekt, rapportering og innkjøpsrutinar.
**Svar:** Samla økonomireglement vert arbeid med i 2023 og vart endeleg vedteke i kommunestyret i 2024

b) Eidfjord kommune har ein oppdatert arkivplan i tråd med gjeldande regelverk.
**Svar:** Arkivplanen til Eidfjord kommune ligg på nett her Eidfjord kommune - Arkivplan - Eidfjord kommune 2023 og vart oppdatert i samband med arkivtilsynet me hadde i 2022 og er revidert i 2023. Rutinar for dokumentasjonsforvaltninga må oppdaterast i samband med ny websak som tas i bruk medio april månad 2024.

c) postmottak i større grad er ein adressat ved inngåande post og ved bruk av e-post i saksbehandling for å sikra at dokument vert journalført og lagra i fellesarkivet.
**Svar:** Ved overgang til ny websak og når det vert sendt frå websak, vert det postmottak som standard avsendar istadenfor sakshandsamar si e-postadresse. Då fangar postmottaket om det kjem svar i retur.

d) etterleving av rutinar for journalføring og arkivering hjå tilsette i kommunen vert styrka og styrka internkontrollen i forhold til leiarane sitt arkivansvar.
**Svar:** Usikker på kva som vart gjort i 2021/2022 på dette området. I 2023/ 2024 har fokus vore på ny websak innstallasjon med nye rutiner. Der alle får opplæring på nytt og kommunen skal vera heildigital innanfor arkivområdet.
Det som kjem sakshandsamar si e-post adresse er framleis sakshandsamar sitt ansvar å få arkivert i systemet (Leiarar er og sakshandsamarar). Overgang til heildigitalt sakssystem frå april 2024 vil gjera det meir saumlaust for sakshandsamarar å arkivera. Epost, filkatalogar og liknande. er no integrert i websak så ein kan dra og flytte filer rett inn.

e) eventuelle avvik knytt til arkivrutinane i fagsystem og webhotell vert retta opp.
**Svar:** Når det gjaldt spesifikt webhotel i høve bygdaheimen så vart alt arkivert i websak i etterkant av prosjektet. Rutinar i høve ny websak skal følgjast når det er implementert frå april 2024.

3. Kommunestyret ber rådmannen rapportere status på oppfølginga med eventuelt vidare framdrift til kontrollutvalet.
**Svar:** Generelt så er ny installasjon av websak ein sentral del av løysinga på fleire av utfordringane. Ny installasjon medførar ein større ryddejobb i gammal websak før oppgradering. I ny versjon startar ein med nye saker og endra rutinar, samstundes som ein har historikken liggande tilgjengeleg i gammal websak.

Med venleg helsing

Magnus Steigedal
Rådmann

Kopi til arkiv

Eidfjord kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**

Saksframlegg

**Saksnr:** 2023/459-5
**Saksbehandlar:** Kjartan Haugsnes

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Eidfjord kommune, Kontrollutvalet | 14/24 | 11.04.2024 |

# Arbeidet i kontrollutvalet, notat frå utvalsleiar. Drøftingssak

### Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

### Samandrag

Utvalsleiar har sendt over notat til diskusjon om korleis kontrollutvalet kan arbeide og kva utvalet kan ha fokus på vidare i perioden.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg
1 Kontroll utvalg 18032024 styrande dok

# Saksutgreiing

## Bakgrunn for saka

Utvalsleiar har laga eit notat til drøfting i utvalet. Utkast til dette notatet vart sendt ut til medlemmane i utvalet første gong 7. februar 2024. Ny versjon vart sendt sekretariatet 18.03.24 og ligg som vedlegg til saka.

## Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. kommunelova § 23-2

## Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet si verksemd er regulert i kommunelova kapittel 22-25 og forskrift om kontrollutvalg og revisjon.

I tillegg er kontrollutvalet sitt arbeid og ansvarsområde godt beskrive i Kontrollutvalsboka som er utgjeven av regjeringa.

Lenke: https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kontrollutvalsboka/id2893214/

Kontrollutvala har stor fridom til kva dei enkelte utvala vil fokusere på i valperioden med unntak av dei områda som er definert i lov og forskrift.

Det kan vere nyttig for utvalet å bevisstgjere eigne val, prioriteringar og fokus i arbeidet, noko sekretariatet les ut av notatet frå utvalsleiar.

## Konklusjon

Sekretariatet legg fram saka til drøfting og utan innstilling til vedtak. Det viktigaste med saka er at kontrollutvalet sjølv diskuterer saman og saman med sekretariat og revisor korleis ein ser for seg arbeidet i utvalet innanfor dei rammene som er gjeve.

# Køyre reglar Eidfjord Kontroll utval

Kontrollutvalget (KU) er kommunestyrets eige kontrollorgan

Kontrollutvalget skal utføra tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, herunder sjå til at kommunen har ei forsvarlig revisjonsordning.

**Kontroll er nødvendig middel for at:**

- kommunen når sine mål
- regelverket vert etterlevd
- etiske hensyn, likeverd og at innbyggjarane sine verdiar blir ivareteke

**Metode / organisering:**

- Hovudfunksjonen og ansvar for kontroll ligg i administrasjon & kommunestyre
- KU skal basert på selektiv undersøking sikra at kommunen driv lovleg , og at felleskapet sine midlar vert forsvarleg forvalta
- Verktøy / metodar; utøva kontroll funksjon iht god skikk ( sjå under «kontrollvett reglar» ) vha revisjon, verifikasjon og utspørjing eks. i KU møter basert på innmeldte saker. Tema ein ynskjer svar på må over sendast i god tid, slik at svar kan førebuast
- Innmeldte saker må gjerast skriftleg, evt at KU hjelper til å forma saka og journalførast for å kunna handsamast av KU. Meldar må få skriftleg tilbakemelding.

**Lovverk:**

Kontrollutvalget er pålagt ein del faste oppgåver i Kommunelova kapittel 12 og kontrollutvalgsforskrifta.

Kommunen sitt virke skal kontrollerast ved at det vert utført:

- regnskapsrevisjon,
- forvaltningsrevisjon,
- eigarskapskontroll.

**KU sine skal oppgåver:**

- Sjå til at kommunens regnskap vert ført, og årsrekneskap revidert på ein betryggande måte.
- Føre kontroll med at den økonomiske forvaltninga går føre seg i samsvar med gjeldande bestemmelsar og vedtak
- Sjå til at det det blir gjennomført forvaltningsrevisjon
- Sjå til at det vert gjennomført kontroll med forvaltninga av kommunens interesser i selskap, dvs Eigarskaps kontroll
- Sjå til at forhold som blir påpekt av revisjonen blir fylgt opp, og at forbetring faktisk skjer, og at det er målbart.
- Årsmelding om kontrollutvalget sitt arbeid skal leggast fram for kommunestyret.

**KU sine bør oppgåver:**

- Etterstreba god tverrpolitisk samhandling og med lokal mynde / adm. Kontrollutvalget sitt arbeid er i stor grad å gje bidrag til at den folkevalgte demokratiske styringa av kommunen, ved å sjå til at den kommunale adm & myndighetsutøvelsen skjer i høve til politiske vedtak, og ikke vilkårleg.

- Korrupsjon er ein av demokratiet sin aller største fiende. Korrupsjon inneber at nokon som opptrer på vegne av kommunen, lar si sakshandsaming verte påverka av dei mogelegheiter som ligg der, for å skaffe seg sjølv – eller andre – ufortjente fordelar.
  Eks: 1) Eige økonomisk vinning – 2) uberettiga for-fordeling av goder 3) Bevisst forskjellsbehandling dvs byråkratisk korrupsjon 4) Bevisst bortskusling av fellesskapet sine verdiar, som er skapt av skattebetalarar .

- Kontrollutvalet treng input å jobba med, for å bidra til å hindra uønska praksis, eller føreslå forbetringar. Det bør skje gjennom etablerte kanalar, eks. input via EK si heimeside for innbyggjarar, eller direkte frå kommunestyre. Kontrollutvalget kan ta i mot førespurnader for gjennomgang / handsama for vidare å avgjera om førespurnaden gjev grunnlag for å oppretta sak. Kontrollutvalet er ikkje vedtaksfør, slik at dei er avhengig av at kommunestyre gir sitt samtykke til vidare undersøking.

- Kontrollutvalget er ikkje noko klageinstans, men utfører systemkontroll på vegne av kommunestyret, og dermed indirekte på vegne av alle kommunens innbyggarar. Resultatet av arbeidet vert rapportert til kommunestyret. Med dette bidreg ein til allmenn tillit, slik at kommunale oppgåver blir ivareteke på best mogeleg måte.

- Bidra til å sikra likebehandling og at innbyggjarane sin rettsikkerhet blir ivareteken

- Sjå til at kommunen sine ressurser blir utnyttet mest mulig effektivt gjennom hensiktsmessige rutiner og resultat vurderinger, samt sjå til at det er effektive

prosessar på plass for kontinuerleg forbetring. Ingen framgang er tilbakegang, og er på ingen måte gratis, men tvert imot kostnad drivande…

- Bidra til at vedtekne samfunns planar / handlingsplanar blir etablert og rapportert framdrift mot. Avvik mot plan må ha ei forklaring og korrigerande tiltak iverksetjast, for å sikra felleskapet sine verdiar

- Etikk på dagsorden; I årsmelding til kommunestyret skal administrasjonen gjera greie for tiltak som er iverksett / planlagt for å sikre ein høg etisk standard. Høg etisk standard er eit overordnet prinsipp for all kommunal verksemd, sidan det er fellesskapet sine midlar som blir forvalta. Innbyggjarane sin tillit til kommunens folkevalgte og dei tilsette, er ei forutsetning for lokaldemokratiet. Offentlegheit, innsyn og openheit utgjer viktige berebjelkar i et velfungerande demokrati.

- Sjå til at kommunen har etablerte rutinar for oppfølging av politiske vedtak, og at rådmannen i si årsmelding gjev oversikt over slike vedtak pr 31.12.

- Kontrollutvalget skal utføre kontrolloppgavår kommunestyret ber dei gjera . Kontrollutvalget har høve til å undersøke alle forhold ved den kommunaleforvaltninga, men har ikke høve til å overprøve politiske prioriteringar / vedtak. Oppsummert kan ein sei at kontrollutvalget er eit reidskap for kommunestyret til å få innsyn i, og føre kontroll med, korleis rådmann løyser sine oppgåver. NB ! Kontrollansvaret omfattar også politiske utval under kommunestyret

GODE RÅD - 9 Kontrollvettreglar – ikkje for mykje – ikkje for lite

1. Ikkje ta fatt på kontrollarbeidet utan opplæring

Det er avgjerande for eit godt kontrollarbeid at medlemane vert sett i stand til å utøva sitt verv på en god måte. Kommunestyret bør sørgja for at det er tilstrekkeleg budsjett til at kontrollutvalgsmedlemane kan delta på kurs og konferanser. Sidsn kommunestyret har det overordna kontrollansvaret, bør det og gjevast innføring i kommunal eigenkontroll til alle folkevalgte i kommunen.

2. Meld frå til kommunestyret om kva KU planlegg å gjera

Planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll skal vedtakast av kommunestyret. I samband med det bør kontrollutvalget legge fram gjennomførte risiko- og vesentligheitsvurderingar, for å gje kommunestyret innsikt i kva forhold planane er tufta på. Utvalget bør og be om mandat til å endre planene ved behov.

3. Vis respekt for kommunen sin administrasjon og ansatte

Sjølv om kontrollutvalget har vide fullmakter til å utføre dei undersøkingar som ein meiner er nødvendig, er det viktig å vise respekt for kommunen sin administrasjon og tilsette. Kontrollutvalget har ikkje sjølv mynde til å pålegga administrasjonen tiltak. Kontrollutvalget og administrasjonen må båe bidra til eit best mogeleg partnerskap i den kommunale eigenkontrollen. Kontrollutvalget kan invitera kommunedirektøren til møte tidleg i valgperioden der rolleforståing og køyrereglar for samhandling er på agendaen.

4. Ver rusta for det som kjem

Sørg for å ha ei revisjonsordning og eit sekretariat som ivaretek kontrollutvalget og kommunen på ein god måte. Avklar gjerne med sekretariatet og revisjonen kva forventningar utvalet har til hjelp og samhandling.

5. Lytt til gode råd

Ved utskiftingar i kontrollutvalget etter kommunevalg, utgjer sekretariatet i mange kommuner kontinuiteten i kontrollarbeidet. Sekretariatet har og eit typisk regionalt nedslagsfelt med ansvar for fleire kommunar, med erfaring korleis kontrollarbeidet vert utført i sammenlignbare kommunar. Det kan

difor ofte vere verdifullt å rådføre seg med sekretæren om korleis saker bør behandlas. Revisor har og høg kompetanse om kommunal eigenkontroll som kan vere til nytte for utvalget.

6. Bruk risiko- og vesentlighetsanalyser som kart og kompass

Ein god risiko- og vesentlighetsvurdering erei  avgjerande forutsetning for eit godt kontrollarbeid, og vurderinga kan nyttast til flere kontrollaktivitetar enn å utarbeide planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Trass i knappe ressursar, bør kontrollutvalget prioritere dette arbeidet. Oppdater gjerne risiko- og vesentlighetsvurderingane og planane i løpet av perioden for å tilpassa endra risikobilete.

7. Gå ikkje ålene

Kontrollutvalet er eit kollegium, og enkeltrepresentantar bør vere varsom med å uttale seg på kontrollutvalets vegne i media, eller på eige initiativ ta kontakt med administrasjonen. Sørg for at utvalget lager køyrereglar for kven som uttalar seg på vegne av utvalget i ulike situasjonar, og korleis dette bør gjerast.

8. Vend i tide

Det er ingen skam å ikkje gjennomføra ein planlagt forvaltningsrevisjon eller avslutte en kontrollsak dersom for eksempel administrasjonen gjev betryggande orienteringar som endrar risikobiletet.

9. Spar på kreftene, men grav vidare i saker om nødvendig

Kontrollutvalga har gjerne knappe ressursar sjølv om kontrollbehovet kan vera stort. Kontrollutvalget må derfor prioritera kva saker ein skal gå inn i, kva kontrollaktivitet som skal gjennomførast og kva ressursar som skal nyttast.  Nokon kontrollaktivitetar er meir ressurskrevande enn andre. I tilfelle der ein er usikker på om ein skal iverksetta ein revisjon, kan det vere hensiktsmessig å starte med ein «innleiande kontroll» , dvs at ein krev orientering frå eks. rådmann, før ein set i gang meir omfattande kontroll i form av en forvaltningsrevisjon. Etterleving av tidlegare  kontrollar er viktig å verifisera, og treng ikkje væra ressurskrevjande. Dette kan gje eit godt bilete av vilje & evne i organisasjonen til å iverksetja tiltak og forbetra seg..

18/03/2024/ Kjell Ove

Eidfjord kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**

Saksframlegg

**Saksnr:** 2023/485-5
**Saksbehandlar:** Kjartan Haugsnes

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| **Eidfjord kommune, Kontrollutvalet** | **8/24** | **11.04.2024** |

# Vedtak i kommunestyret - nytt økonomireglement

### Forslag til vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg
1 Vedtak kst 040324 Økonomireglement
2 Økonomireglement

**EIDFJORD KOMMUNE**

| | |
|---|---|
| Arkiv: | K1-219, K3-&00 |
| Arkivsak ID: | 24/140 - 1 |
| Journalpost ID: | 2024001459 |
| Saksh.: | Myklatun, Knut Ingar |
| Dato: | 13.02.2024 |

| Styre, utval, komite m.m | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Eidfjord formannskap | 26.02.2024 | 24/025 |
| Eidfjord kommunestyre | 04.03.2024 | 24/032 |

## Økonomireglement Eidfjord kommune

**Dokument i saka:**

| **Dok.dato** | **Tittel** |
|---|---|
| 19.02.2024 | Økonomireglement |

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Eidfjord kommunestyre vedtek vedlagde økonomireglement for Eidfjord kommune.

Vedtak som innstilling frå Eidfjord formannskap - 26.02.2024 - 24/025
Eidfjord kommunestyre vedtek vedlagde økonomireglement for Eidfjord kommune.

Kapittel 3.3 Tidsplan
Rådmann sitt framlegg: Tidleg november
Endrast til:
Rådmann sitt framlegg: Seinast 31.10

**26.02.2024 - Eidfjord formannskap**
**Tilleggsframlegg, fremja av Anders Vatle, Eidfjord senterparti**
Kapittel 3.3 Tidsplan
Rådmann sitt framlegg: Tidleg november
Endrast til:
Rådmann sitt framlegg: Seinast 31.10

**Røysting:**
Rådmannen sitt framlegg til vedtak med tilleggsframlegg fremja av Anders Valte (Sp) vart samrøystes tilrådd.

**FSK - 24/025 - Vedtak:**
Eidfjord kommunestyre vedtek vedlagde økonomireglement for Eidfjord kommune.

Kapittel 3.3 Tidsplan

Rådmann sitt framlegg: Tidleg november
Endrast til:
Rådmann sitt framlegg: Seinast 31.10

**04.03.2024 - Eidfjord kommunestyre**
**Røysting:**
Samrøystes vedteke.

**KST - 24/032 - Vedtak:**
Eidfjord kommunestyre vedtek vedlagde økonomireglement for Eidfjord kommune.

Kapittel 3.3 Tidsplan
Rådmann sitt framlegg: Tidleg november
Endrast til: Rådmann sitt framlegg: Seinast 31.10

**Vedlagt:** Økonomireglement

**Vedtak skal sendast til:** Vestlandsrevisjonen

**Endeleg avgjerd i:** Eidfjord kommunestyre

**Saka gjeld:**
Kommunelova § 14-2 bokstav d. set krav om at kommunen har reglar for økonomiforvaltninga (økonomireglement).

Kommunen har ikkje hatt dette i eit samla dokument tidlegare, og legg dette no fram til vedtak.

Dagens praksis fylgjer i stor grad reglementet allereie i dag, men vert no formelt riktig.

Magnus Steigedal
rådmann

Myklatun, Knut Ingar
sakshandsamar

Rett utskrift:

# Økonomireglement

# for

# Eidfjord kommune

**Vedteke av kommunestyre**
**xx.xx.xxx**

# Innhold


Vedteke av kommunestyre .......... 1
1 GENERELT .......... 5
1.1 Bakgrunn .......... 5
1.2 Føremål .......... 5
1.3 Økonomiske mål .......... 5
1.4 Oppdatering .......... 6
2 ØKONOMISYSTEMET OG KONTOPLAN .......... 6
2.1 Plan- og økonomisystem .......... 6
2.2 Kontoplan .......... 6
Kontoklasse .......... 6
Konto/art .......... 7
Ansvar (verksemd) .......... 7
Teneste/ funksjon .......... 7
Prosjekt .......... 7
3 ØKONOMIPLAN OG ÅRSBUDSJETT .......... 7
3.1 Innleiing .......... 7
3.2 Ansvar .......... 7
Formannskapet sitt ansvar: .......... 7
Kommunestyret sitt ansvar: .......... 7
3.3 Tidsplan .......... 8
3.4 Oppstilling av økonomiplan og årsbudsjett .......... 8
3.5 Budsjettendringar .......... 8
Kommunestyret .......... 8
Rådmannen sine fullmakter .......... 9
4 FOND .......... 9
4.1 Bundne driftsfond .......... 9
4.2 Disposisjonsfond .......... 9
4.3 Bundne investeringsfond .......... 10
4.4 Ubundne investeringsfond .......... 10
5 KJØP OG SAL AV VARER OG TENESTER .......... 10
5.1 Innkjøp .......... 10
5.2 Bestilling av varer og tenester .......... 10
5.3 Kontroll av varemottak .......... 11
5.4 Attestasjon .......... 11

5.5 Tilvising ... 11
5.6 Utgåande faktura ... 12
6 ÅRSAVSLUTNING OGREKNESKAPSPRINSIPP ... 12
6.1 Årsrekneskap ... 12
6.2 Grunnleggjande rekneskapsprinsipp ... 12
6.2.1 Anordningsprinsippet ... 13
6.2.2 Arbeidskapitalprinsippet ... 13
6.2.3 Bruttoprinsippet ... 13
6.2.4 God kommunal rekneskapsskikk ... 13
6.2.5 Vurderingsreglar i balansen ... 13
6.2.6 Meirverdiavgift/meirverdikompensasj meirverdiavgift ... 13
Meirverdiavgiftkompensasjon ... 13
6.3 Rekneskapsavslutninga, strykingar og tidsfristar ... 14
6.3.1 Rekneskapsavslutninga ... 14
6.3.2 Strykingar ... 14
6.3.3 Rekneskapsavlegging ... 14
7 INNFORDRING OG TAP PÅ KRAV ... 15
7.1 Innleiing ... 15
7.2 Nærare retningsliner og fullmakter ... 15
7.3 Sakshandsaming ved innfordring av kommunale krav ... 15
7.4 Tapsavsetjing, avskriving av konstanterte krav og sletting ... 16
8 YMSE FØRESEGNER SOM GJELD REKNESKAPEN ... 16
8.1 Retningsliner for aktivering og avskriving av eigendelar ... 16
8.2 Løn og reiserekningar ... 17
8.3 Reglar for kontantkasse ... 17
8.4 Gåver ... 17
9 GARANTIAR ... 17
9.1 Om garantiar ... 18
10 RAPPORTERING ... 18
10.1 Periodisk rapportering ... 18
10.2 Årsmelding ... 18
10.3 Nasjonal rapportering (KOSTRA) ... 19
11 SAL AV FAST EIGEDOM OG ANDRE ANLEGGSMIDLAR ... 19
12 INVESTERINGSPROSJEKT ... 19
12.1 Definisjon av investeringsprosjekt ... 19
12.2 Utgreiing av behov ... 20
12.3 Politiske vedtak før igangsetting ... 20
12.4 Forprosjekt og detaljprosjekt ... 21
12.5 Oppfølging av investeringar i budsjett ... 21

12.6 Prosjektansvarleg og oppfølging i byggjetida ........ 21
12.7 Overtaking ........ 22
12.8 Sluttrekneskap ........ 22

# 1 GENERELT

## 1.1 Bakgrunn

Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) av 22.06.18 (sist endra 02.06.2021) , med tilhøyrande forskrifter, vektlegg at kommunane skal driva mål- og rammestyring og forvalte økonomien slik at den økonomiske handlingsevnen blir ivaretatt over tid. Følgjande forskrifter finst:

- Forskrift 07.06.19 nr. 714 om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv.
- Forskrift 18.11.19 nr. 1520 om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner
- Forskrift 18.10.2019 nr. 1412 om rapportering fra kommuner og fylkeskommuner mv. (KOSTRA-forskriften)
- Forskrift 11.12.2019 nr. 1731 om beregning av samlet selvkost for kommunale og fylkeskommunale gebyrer (selvkostforskriften)

Reglane er rammeprega og det er difor naudsynt å fastsetja ytterlegare reglar innanfor økonomiområdet i eit eige økonomireglement.

I tillegg til forskriftene er det utarbeida rekneskapsstandardar i tråd med god kommunal rekneskapsskikk (KRS)

Andre vedtekne dokument som har relevans for kommunen si økonomistyring:
- Finans- og gjeldsreglement for Eidfjord kommune
- Etiske retningsliner for Eidfjord kommune
- Delegasjonsreglement for Eidfjord kommune

## 1.2 Føremål

Økonomireglementet for Eidfjord kommune omhandlar dei overordna reglane for den økonomiske styringa av kommunen, og skal dokumentera ansvar, mynde og sentrale rutinar.

Føremålet med økonomireglementet er:
- å gje oversyn over kommunen sitt økonomi- og rekneskapssystem
- å medverka til effektiv og forsvarleg økonomiforvaltning
- å medverka til god økonomistyring
- å gje folkevalde tilfredsstillande informasjon og grunnlag for å treffa vedtak
- å dokumentera viktige økonomirutinar.

## 1.3 Økonomiske mål

Eidfjord kommune har vedteke følgjande handlingsreglar:

- Disposisjonsfond 25 % av brutto driftsinntekter
- Netto driftsresultat 10 % av brutto driftsinntekter
- Netto lånegjeld maksimalt 90 % av brutto driftsinntekter

Måla bør haldast eller oppnåast i løpet av økonomiplanperioden.

### 1.4 Oppdatering

Økonomireglementet til Eidfjord kommune gjeld frå 1.1.2024. Økonomireglementet skal ajourførast og takast opp til politisk handsaming minst ein gong i kvar kommunestyreperiode.

## 2 ØKONOMISYSTEMET OG KONTOPLAN

### 2.1 Plan- og økonomisystem

Kommunen sitt plan- økonomisystem er sett saman av desse hovudelementa:

1. Kommunal planstrategi
2. Kommuneplanen sin langsiktige del
3. Økonomiplan (kommuneplanen sin kortsiktige del)
4. Årsbudsjett
5. Tertialrapportar
6. Månadsrapport (administrativ)
7. Årsrekneskap, årsmelding og nasjonal rapportering

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna strategiske styredokument, og inneheld mål og retningsval for kommunen si utvikling. Kommuneplanen sin langsiktige del har eit perspektiv på 12 år, med rullering ein gong i kvar kommunestyreperiode. Den kortsiktige delen eller økonomiplanen har eit 4-årig perspektiv og vert rullert kvart år. Årsbudsjettet er første år i økonomiplanen.

Rekneskapen, budsjett, balanse og noteopplysningar vert satt opp i tråd med budsjett-og rekneskapsforskrifta § 5. Rekneskapen og budsjettet vert delt inn i fylgjande hovuddelar:

- Bevilgningsbudsjett/ -rekneskap som er samansett av:
    - Investeringsbudsjett/-rekneskap
    - Driftsbudsjett/ -rekneskap

- Balanserekneskap

### 2.2 Kontoplan

Den kommunale kontoplanen er bygd opp med bakgrunn i obligatorisk oppbygging i KOSTRA sin art- og funksjonsinndeling. Ved bokføring i drift- og investeringsrekneskapen vert det nytta kontostreng som består av desse dimensjonane:

| Kontodimensjon | Kontoklasse | Konto | Ansvar | Teneste | Prosjekt |
|---|---|---|---|---|---|
| Talet på siffer | 1 | 4 | 2 | 4 | 5 |

**Kontoklasse**

Kontoklasse er første siffer i kontoen. 0 er investering, 1 er drift og 2 er balanse.

**Konto/art**
Art skal avspegla kva som vert kjøpt/ forbrukt og kva type inntekter me får inn.

**Ansvar (verksemd)**
Ansvarsbegrepet vert brukt til å vise kven som har det budsjettmessige ansvaret for dei utgifter og inntekter som vert bokført. Ansvaret skal avspegla organiseringa av kommunen.

**Teneste/ funksjon**
Begrepet viser kva vert produsert, kva for tenester som vert ytt (døme: grunnskule, skuleskyss, helse- og omsorgstenester i institusjon, institusjonslokale).

**Prosjekt**
Prosjektnummer vert nytta både i drift og investering. I investeringsrekenskapen startar nummerserien med årstal.

Driftsbudsjett og -rekneskap:

- Grupper av ansvar tilsvarande kommunalområda
- Grupper av art

Investeringsbudsjett og -rekneskap:

- Prosjekt

Så langt det er krav om det i forskrifter m.v. og der ein finn det tenleg, vil det i tillegg også bli framstilt andre rapportar.

Økonomisjefen har fullmakt til å gjera endringar i kontoplanen.

# 3 ØKONOMIPLAN OG ÅRSBUDSJETT

## 3.1 Innleiing

Årsbudsjettet er første år i økonomiplanen, og er bindande. Årsbudsjett og økonomiplan vert handsama om hausten.

## 3.2 Ansvar

**Rådmannen sitt ansvar:**
Rådmannen skal laga eit saldert framlegg til økonomiplan og årsbudsjett. Økonomiplanen skal omfatta heile den kommunale verksemda og settast opp på ein oversiktleg måte.

**Formannskapet sitt ansvar:**
Formannskapet skal innstilla til kommunestyret vedk. økonomiplan og årsbudsjett. Formannskapet skal og som hovudregel innstilla i saker som inneheld endringar i årsbudsjettet.

**Kommunestyret sitt ansvar:**
Kommunestyret skal vedta økonomiplan og årsbudsjett etter innstilling frå formannskapet. Kommunestyret skal og vedta endringar i årsbudsjettet.

### 3.3 Tidsplan

Det skal kvart år utarbeidast ein detaljert tidsplan for økonomiplanprosessen. Rådmannen sitt salderte framlegg skal vera klart innan første del av november.

| | |
|---|---|
| Rundskriv frå rådmannen | Mai/ juni |
| Informasjon/status budsjett og budsjettprosess neste år, opp mot poltisk nivå. | mai/juni |
| Innmelding av investeringsbehov | 1. juli |
| Administrativt arbeid i einingane | Juni – august |
| Avstemming/arbeidsmøte pol/adm | august/september |
| Frist einingane | 1. september |
| Rådmannen sitt framlegg | Tidleg november. |
| Formannskapet | Ca. 25. november |
| Kommunestyret | Medio desember |

### 3.4 Oppstilling av økonomiplan og årsbudsjett

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal utarbeidast i samsvar med forskrift om årsbudsjett for kommuner og fylkeskommuner. Kommunestyret skal vedta driftsbudsjettet og investeringsbudsjettet på rammeområder.

### 3.5 Budsjettendringar

Budsjettendringar som skal avgjerast politisk skal som hovudregel handsamast saman med tertialrapportane. Eventuell rebudsjettering av investeringar skal gjennomførast seinast saman med rekneskapssaka.

**Kommunestyret**
Kommunestyret skal sjølv vedta budsjettendringar som gjeld netto løyving til eit område.

Kommunestyret skal sjølv vedta endringar i driftsbudsjettet for vesentlege meirinntekter, og som ikkje formannskapet eller rådmannen har fullmakt til å disponera. Kommunestyret skal elles sjølv gjera vedtak om budsjettendringar som gjeld:

- Endringar i frie inntekter (skatt og rammetilskot)
- Endringar i finansutgifter
- Endringar i avsetjingar og bruk av fond ut over det som går fram av kapittel 4 i dette reglementet
- Endringar som vedkjem finansiering av investeringsbudsjettet

Kommunestyret vedtek sjølv endringar i investeringsbudsjettet på same nivå som budsjettvedtaket, dvs. nye prosjekt eller endringar i inntekts- eller utgiftspostar på einskildprosjekt.

**Rådmannen sine fullmakter**

Med dei avgrensingar som følgjer av lovverket, forskriftene, God kommunal rekneskapsskikk (KRS) og dette reglementet, har rådmannen slike fullmakter:

Når det gjeld inntekter som ikkje er budsjettert, har rådmannen fullmakt til å sjå trygderefusjonar og andre refusjonar med motsvarande utgift i samanheng med utgiftene. Likeins meirinntekter der bruk av desse må sjåast som kurant. Disponering av spesielle meirinntekter må leggjast fram for kommunestyret, sjå ovanfor.

Rådmannen har fullmakt til å fordela sentralt budsjetterte postar, til dømes lønjusteringspott.

Om rådmannen finn det tenleg for den interne budsjettkontrollen, har han fullmakt til å foreta administrative budsjettendringar som vert lagt inn i økonomisystemet.

For rådmannen sitt ansvar ved investeringsprosjekt, sjå kapittel 12.

Berre kommunestyret har fullmakt til å opprette og nedleggje faste stillingar og engasjement i tråd med arbeidsmiljølova, samt omgjere stillingar.

Rådmannen er ansvarleg for løpande kontroll av den økonomiske utviklinga, herunder rapportering til utval, formannskap og kommunestyret, sjå elles kapittel 6.

# 4 FOND

## 4.1 Bundne driftsfond

Bunde driftsfond er tilskot som etter lov, forskrift eller etter nærare regler gitt av innbetalar skal nyttast til særskilde føremål.

## 4.2 Disposisjonsfond

Disposisjonsfond er oppretta av frie midlar. Disposisjonsfond kan nyttast til drifts- eller investeringsformål. Avsetting til og bruk av disposisjonsfond skal vedtakast av kommunestyret. Rådmannen får fullmakt til å endra avsetjing/bruk av disposisjonsfond for teneste 1700 og 1710 (premieavvik og amortisert premieavvik).

## 4.3 Bundne investeringsfond

Bundne investeringsfond er avsette midlar av innbetalingar/ inntekter i investeringsrekneskapen som etter lov, forskrift eller etter nærare reglar gitt av innbetalar er vedteke nytta til bestemte føremål i investeringsrekneskapen.

## 4.4 Ubundne investeringsfond

Ubundne investeringsfond er oppretta av frie midlar. Dette kan til dømes vera inntekter frå sal av eigedom eller andre anleggsmidlar som fritt kan nyttast av kommunen til finansiering av utgifter i investeringsrekneskapen. Avsetting til og bruk av ubundne invsteringsfond skal vedtakast av kommunestyret.

# 5 KJØP OG SAL AV VARER OG TENESTER

## 5.1 Innkjøp

Kommunen sine innkjøp skal gjerast innanfor rammer gitt i Lov om Offentlige Anskaffelser (LOA) med tilhøyrande forskrifter samt følgje dei prinsipp som er fastsett i Eidfjord kommune sin innkjøpsstrategi.

Dette skal sikre mest mogeleg effektiv ressursbruk ved offentlige innkjøp i samsvar med grunnleggande prinsipp om konkurranse, likebehandling, forutberegnelighet, etterprøvbarhet og forholdsmessighet, jfr LOA §1 og § 4.

I forkant av kvart innkjøp skal alle einingar føreta ei vurdering av behov og vurdere innkjøpskostnadane i forhold til eininga sitt budsjett. Med kostnader i forbindelse med innkjøp meiner ein både direkte utgifter til varer og/eller tjenester, samt alle kostnader som oppstår i forbindelse med gjennomføring av innkjøpsprosessen.

Alt kommunalt sal og fakturering skal skje i samsvar med gjeldande lovar, reglar og interne rutinar. Bestillar må sikra seg at det er budsjettmessig dekning før tinging av varer/ tenester.

## 5.2 Bestilling av varer og tenester

Alle fakturaer skal vera merka med korrekt fakturaadresse og merka med mottakar og attestanten sitt ressursnummer.

Leverandørane kommunen brukar må oppfylle alle offentlege krav om registrering, vera ajour med offentlege økonomiske krav og fylgje MVA-lova sine retningsliner for innhald på ein faktura. Tilsette og politikarar i kommunen skal som hovudregel ikkje samstundes vera leverandør av varer eller tenester til kommunen. Ved unntak frå dette skal rådmannen godkjenne ordninga på førehand.

## 5.3 Kontroll av varemottak

Alle fakturaer skal som hovudregel leverast elektronisk på EHF-format. Fakturaer som vert motteke i papirformat skal skannes. Som eit unntak og etter spesiell vurdering kan faktura behandlast manuelt.

Det er berre originalfakturaer som skal nyttast som rekneskapsbilag. Dersom det er umogleg å bruka originalfaktura, kan kopi med påskrift om at denne erstattar originalen nyttast. Kopien skal vera påført årsaka til at kopi må nyttast.

Den som tingar varer skal kontrollera faktura mot følgjesetel. Om faktura er uspesifisert skal alltid ordresetel heftast ved fakturaen. I tilfelle der det ligg føre avtale om kjøp/innkjøpsavtale, skal det gjennomførast kontroll av pris, utrekning, mogeleg rabatt og betalingstid.

I tilfelle der det ikkje ligg føre særleg avtale om kjøp, skal det gjennomførast pris- og utrekningskontroll. Ved slikt kjøp skal det vurderast om pris, rabatt, betalingstid m.m. synest rimelege.

Det skal kontrollerast om fakturaen er påført organisasjonsnummer. Dersom fakturaen er påført mva skal bokstavane MVA stå bak organisasjonsnummeret. Som ein del av internkontrollen skal økonomiavdelingen ta stikkprøvar om leverandøren er oppført i meirverdiregisteret. Dette kan gjerast via www.brreg.no. Faktura utan organisasjonsnummer skal utbetalast som løn.

Ved feil i faktura skal det straks takast kontakt med leverandør for å få feilen retta enten gjennom kreditnota eller ved korrigert faktura. Dersom det er manglar ved leveringa, skal leverandøren straks få melding om dette.

## 5.4 Attestasjon

Attesterer blir utpeika av tilvisar, og er ansvarleg for at pris, forfallsdato og mogeleg rabatt er i medhald av avtale, og at utrekningskontroll er gjort. Attestasjon stadfestar også at fakturaen/vara ikkje er betalt/handsama tidlegare og at varemottaket er rett. Den som attesterer skal sjå til at det er budsjettdekning for beløpet og at det elles er grunnlag for utbetalinga. Den som attesterer skal òg kontrollere at rett konto, ansvar, teneste og ev prosjekt er brukt.

Feil innkjøp og utbetalingar grunna aktløyse frå den som attesterer vil kunna medføra økonomisk medansvar. Det er ikkje høve til å attestera utbetalingar til seg sjølv eller familiemedlemer. Same person skal ikkje både attestere og tilvise same faktura/ timeliste.

## 5.5 Tilvising

Før utbetaling skjer skal det alltid liggja føre ei tilvising, dvs. utbetalingsordre frå den som har tilvisingsmynde. Ordren skal visa utbetaling av ein bestemt sum til ein bestemt person ellerføretak, visa budsjettpost og momskode. Fast løn kan likevel utbetalast etter stående tilvisingar. Før tilvising vert gjort skal følgjande vilkår vera til stades:

- At det ligg føre gyldig vedtak om løyving
- At det er budsjettdekning for utbetalinga

- At vara eller tenesta er motteken og at ho er i samsvar med tinginga

Kravet om budsjettheimel på utbetalingstidspunktet gjeld ikkje for utbetalingar som kommunen er rettsleg forplikta til å føreta, jf. Kml § 14-5.

Tilvising skal elles skje i medhald av rekneskapsforskriftene og utan unødig opphald.

Kopi av alle tilsagnsbrev, som er kontert og tilvist, skal sendast elektronisk til økonomiavdelingen slik at inntektsføringa vert bokført utan opphald.

Rådmannen har tilvisingsmynde på alle budsjettpostar på drifts- og investeringsbudsjettet. Rådmannen kan delegera tilvisingsmynde vidare. Tilvisingsmynde heng saman med budsjettansvar, og det er kun leiarar som kan få delegert tilvisingsmynde.

Delegering av tilvisingsmynde skal vera skriftleg og signert, med kopi til overordna, økonomisjef og arkiv, og skal visa kven som er tildelt myndet og kva for budsjettområde myndet gjeld for. Dersom andre enn overordna skal tilvisa ved ferie eller anna fråvær må det føreliggja skriftleg delegering for perioden. Økonomiavdelingen skal til ein kvar tid ha ei oppdatert og samla oversikt over alle som har mynde til å tilvisa i rekneskapssystemet.

For utøving av tilvisingsmynde gjeld elles følgjande:

- Tilvisingsmynde kan trekkast tilbake av den som har gjeve myndet
- Underordna kan ikkje tilvisa overordna sine rekningar
- Ordførar skal tilvisa utbetalingar til rådmannen.
- Rådmannen skal tilvisa utbetalingar til ordførar.
- Den som har tilvisingsmynde kan ikkje tilvisa eigne rekningar eller kor inhabilitet kan bli gjort gjeldande.
- Feilaktig tilvising som følgje av aktløyse kan medføra økonomisk ansvar.

### 5.6 Utgåande faktura

Fakturering skal skje via kommunen sitt økonomisystem.

Grunnlag for fakturering skal arkiverast saman med faktureringsjournal, enten i perm eller digitalt. Bilaga skal vere tilgjengeleg for kontroll, og skal arkiverast i 10 år eller i tråd med gjeldande lovverk.

## 6 ÅRSAVSLUTNING OG REKNESKAPSPRINSIPP

### 6.1 Årsrekneskap

Med bakgrunn i kommunelova § 14-6 skal kommunen utarbeida årsrekneskap og årsrapport/årsmelding (jf. avsnitt 10.2). Årsrekneskapen skal innrettast i samsvar med lov, forskrifter, KRS (god kommunal rekneskapsskikk) og dette reglement.

### 6.2 Grunnleggjande rekneskapsprinsipp

I tråd med kommunelova § 14-6 og forskrift om årsrekneskap og årsberetning § 5 skal rekneskapet førast i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk (KRS). Dei grunnleggjande rekneskapsprinsippa i kommunerekneskapen framgår av kommunelova § 14-6 nr. 3

### 6.2.1 Anordningsprinsippet

Anordningsprinsippet inneber at alle kjente utgifter/ utbetalingar og inntekter/ innbetalingar skal bokførast på riktig år, uavhengig av om inn- eller utbetaling er gjort. Sentralt i periodiseringa av utgifter er om varer/tenester er motteke av kommunen og for inntekter om varer/tenester er levert fra kommunen til kundane.

### 6.2.2 Arbeidskapitalprinsippet

All tilgang og bruk av midlar skal vera vist i drifts- eller investeringsrekneskapen. Rekneskapsføring av tilgang og bruk av midlar må alltid førast i drifts- eller investeringsrekneskapen og ikkje berre i balansen.

### 6.2.3 Bruttoprinsippet

Rekneskapen skal førast brutto. Det skal ikkje vera frådrag for tilhøyrande inntekter til utgiftspostane. I praksis vil dette medføra at alle utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar må vera vist med fulle summar. Døme: kommunane skal inntektsføra refusjon av sjukepengar som ein eigen inntektsart og kan ikkje redusera lønsutgiftene.

### 6.2.4 God kommunal rekneskapsskikk

Rekneskapsføringa skal vera i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk (KRS). God kommunal rekneskapsskikk er i kontinuerleg utvikling, og kommunen skal til ein kvar tid følgja dei standardene som føreligg frå foreininga for god kommunal rekneskapsskikk.

### 6.2.5 Vurderingsreglar i balansen

Omløpsmidlar skal vurderast til lågaste verdi av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Anleggsmidlar skal vurderast til anskaffelseskost og skal avskrivast som følgje av slit og elde. Avskrivingane startar året etter at anleggmiddelet er anskaffa/teke i bruk. Det vert ikkje resultateffekt i driftsrekneskapen som fylgje av avskrivingane.

Anleggsmidlar skal nedskrivast til verkeleg verdi i balansen ved varig verdifall. Nedskrivingen skal reverserast om grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

### 6.2.6 Meirverdiavgift/meirverdikompensasj meirverdiavgift

Hovudregel i Lov om meirverdiavgift av 19. juni 1969 nr 66 er at all omsetning er innanfor lova. Viser elles til § 5 og § 11 om fritak og spesialreglar. Det er meirverdiavgift på omsetnad av alle varer unnteken fast eigedom. Det er meirverdiavgift på omsetnad av dei tenester lova tilviser.

**Meirverdiavgiftkompensasjon**
I tråd med Lov om kompensasjon av meirverdiavgift til kommunar, fylkeskommunar mv. av 12. desember 2003 er det kompensasjon for meirverdiavgift ved kjøp av varer og tenester

frå næringsdrivande som er registrert i meirverdiregisteret.

Lova gjeld for kommunar, fylkeskommunar, interkommunale selskap, barnehagar og kyrkjeleg fellesråd. I tillegg gjeld lova for private og ideelle verksemder som utfører oppgåver som kommunen er pålagt å utføra ved lov innan helse, sosial eller undervisning.

Spesifikke reglar der det ikkje vert gjeve kompensasjon går fram av lova. Føremålet med lova er å motverke konkurransevridningar. Kompensasjonsordninga medfører at kommunen får refundert meirverdiavgifta, og avgifta vil dermed ikkje utgjere noko kostnad.

## 6.3 Rekneskapsavslutninga, strykingar og tidsfristar

### 6.3.1 Rekneskapsavslutninga

Førebuinga til rekneskapsavslutninga tek til med at økonomiavdelinga, i november kvart år, lagar ein intern plan over rekneskapsavslutninga, med oversikt over arbeidsoppgåver, frist for gjennomføring av oppgåvene, ansvarlege personar og kontroll av at oppgåvene er gjennomført. I tillegg informerar økonomiavdelinga primo desember om ein arbeidsplan til områda/ verksemder med fristar når det gjeld innkjøp, fakturaattestering, utgåande faktura og løn.

Revisjonsmelding frå siste års rekneskap vert gjennomgått for å sikre at alle merknader er teke omsyn til. Løpande revisjonsmerknader vert kontrollert og sjekka mot årets rekneskap.

Konti i balansen skal avstemmast og kontrollerast. Det skal verifiserast at saldoar og behaldningar er reelle og i samsvar med dokumentasjon frå t.d oppgåver frå bank etc. Ubrukte øyremerka midlar, kan setjast av til fond for seinare bruk. Fonda skal vurderast minst kvart 3. år.

### 6.3.2 Strykingar

Strykningar i drift og investeringsrekneskapen ved meir- eller mindreforbruk fylgjer reglane i rekneskapsforskrifta kapittel 4 § 4-1 til § 4-6.

### 6.3.3 Rekneskapsavlegging

Økonomisjefen har ansvar for årsrekneskapen og leverer ferdig avlagt årsrekneskap til revisjonen innan 22. februar i året etter rekneskapsåret, jf. kml § 14-6. Rekneskapen er offentleg frå det tidspunkt det er avlagt.

Rekneskapen skal skrivast under av rådmann og

økonomisjef. Revisjonen reviderer rekneskapen innan 15.04

Årsrekneskapen og årsmeldinga skal handsamast av kommunestyret innan 30. juni. Formannskapet skal innstilla til kommunestyret i rekneskapssaka. Kontrollutvalet skal og handsama rekneskapen og utarbeida desisjonsframlegg til kommunestyret. Kopi av desisjonsframlegget skal sendast formannskapet, slik at dette er kjent ved deira handsaming av rekneskapen.

Vedteke årsrekneskap og årsmelding vert sendt departementet v/ Fylkesmannen og SSB.

# 7 INNFORDRING OG TAP PÅ KRAV

## 7.1 Innleiing

Avsnittet omhandlar kommunale krav og utlån, men ikkje krav om skatt og arbeidsgjevaravgift etter skattebetalingslova.

Kommunale krav:

- Offentlegrettslege krav, der grunnlaget for kravet er heimla i lov (t.d. avgifter og gebyr)
- Privatrettslege krav som byggjer på avtalerettsleg grunnlag (t.d. husleige, barnehagebetaling og annan eigenbetaling for ulike tenester).

Kommunen sine krav blir ført som inntekt i resultatrekneskapen og som kortsiktig krav i balanserekneskapen.

Endring av låne- og betalingsvilkår: Når debitor ikkje er i stand til å betala eit krav som avtala, kan det avtalast endringar i låne- og betalingsvilkår. Endring av betalingsvilkår kan omfatta endring av tidspunkt for betaling og korleis betaling skal skje. Endring av lånevilkår omfattar i tillegg også endring av låneform, krav til tryggleik, rente og tilbakebetalingstid.

Misleghaldne krav: Eit krav er å sjå som misleghalde når det ikkje er betalt som avtala. Grovt misleghald oppstår etter 60 dagar over forfallsdato.

Avskriving av krav er at eit krav vert avskrive i rekneskapen, men slik at kravet overfor den som skuldar pengar likevel vert oppretthalde.

Ettergjeving av krav er når kommunen sitt krav overfor den som skuldar pengar vert sletta og dermed ikkje følgt opp vidare for innkrevjing.

## 7.2 Nærare retningsliner og fullmakter

Økonomisjefen har fullmakt til å endra betalingsvilkår og til å gjennomføra avskrivingar av krav i rekneskapen, i samsvar med reglar i gjeldande rekneskapsforskrifter og KRS. For slik avskriving gjeld ikkje noko beløpsgrense. Rådmannen kan fastsetja nærare utfyllande retningsliner.

Økonomisjefen har fullmakt til å endra låne- og betalingsvilkår.

## 7.3 Sakshandsaming ved innfordring av kommunale krav

Økonomiavdelingen har ansvar for innfordringen. Kommunen skal tilfredsstilla dei kvalitetskrava som er sett til innfordringsarbeid i inkassoforskrifta. Innfordringa vil variera noko avhengig av typen krav og tvangsgrunnlag.

For dei offentlegrettslege krava kan skatteoppkrevjaren setja i verk tvangstiltak som utleggstrekk og motrekning.

Økonomisjefen kan inngå avtalar med debitorane til kommunen om utsatt

betalingsfrist. Dersom avtale om endring av betalingsvilkår ikkje vert overhalden eller kommunen ikkjeoppnår kontakt med debitor, skal inkassoprosedyre iverksetjast om ikkje særlege årsaker talar mot.

Kommunen kan samarbeida med inkassofirma til hjelp i innkrevjingsarbeidet.

### 7.4 Tapsavsetjing, avskriving av konstanterte krav og sletting

Krav kan konstaterast som tapt og avskrivast når minst eitt av fylgjande vilkår er oppfylt:

- Når konkurs-/dødsbuhandsaming er avslutta (insolvent dødsbu)
- Når krav er forelda
- Når påleggstrekk/utleggstrekk ikkje har ført fram (debitor har ikkje økonomisk evne til å betala kravet)
- Ved tapt rettsavgjerd, når dom er rettskraftig
- Når debitor har utvandra eller adresse er ukjent i meir enn 1 år
- Det er sannsynleg at inkasso eller vidare innfordringstiltak vil gje negativt resultat
- Når gjeld er ettergjeve (utanomrettsleg gjeldsordning eller gjeldsordning etter gjeldsordningslova)

For krav som ikkje vert handsama som inkassosak, og det er venta at inkassosak vil gje negativt resultat, kan kravet avskrivast som konstatert tap. Avskriving som konstatert tap er ein rekneskapsmessig disposisjon og medfører ikkje nødvendigvis at vidare innfordring av kravet vert avslutta. Vidare innfordring vil likevel vera avhengig av tvangsgrunnlaget og kor vidt det blir vurdert som kostnadseffektivt å halda fram innfordringa. Krav som er konstatert tapt skal overførast til langtidsovervaking med tanke på at debitor sin økonomiske situasjon kan endra seg over tid.

Konstaterte tap på krav som kommunen har hatt overfor ein debitor skal falla bort og må slettast. Sletting medfører at vidare innfordring av kravet vert avslutta.

## 8 YMSE FØRESEGNER SOM GJELD REKNESKAPEN

### 8.1 Retningsliner for aktivering og avskriving av eigendelar

Eigendelar med ei økonomisk levetid på minst 3 år og anskaffelseskostnad på minimum kr 100 000 vert ført i investeringsrekneskapen og aktivert i balansen. Varige driftsmiddel skal aktiverast til anskaffelseskostnad. Aktivering skal skje løpande ved rekneskapsavslutninga, om naudsynt med korrigering det året investeringsprosjektet er ferdig. Viser for øvrig til KRS nr. 4.

Dei aktiverte verdiane av varige driftsmidlar skal vera gjenstand for ordinære avskrivingar i balansen. I tillegg vert det føreteke kalkulatoriske avskrivingar (utan resultateffekt) i driftsrekneskapen. Føremålet med avskrivingar er å redusera verdien av driftsmidlane som følgje av slitasje, slit og elde for dermed å få eit mest mogleg korrekt forhold mellom eigendelar og bokført eigenkapital. Avskrivingane vert gjort med like summar årleg, fordelt over eigedomen sin forventa økonomiske levetid.

Rekneskapsforskrifta § 8 seier kva for avskrivingsperiodar som skal leggjast til grunn. Dersom verdien vert openbart redusert raskare enn tabellen i rekneskapsforskrifta § 8 visar,

skal verkeleg levetid nyttast. Når det skjer, skal dette kommenterast særskild i note til rekneskapen.

Tomtar, bustadfelt, industriområde og jordbruks- og skogbruksområde skal ikkje avskrivast. Ved sal skal den aktiverte verdien reduserast.

Anleggsmidlar skal nedskrivast til verkeleg verdi i balansen ved verdifall som er forventa å ikkje vera forbigåande. Nedskrivinga skal reverserast i den utstrekning grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades, KRS nr. 9.

### 8.2 Løn og reiserekningar

Utbetaling av lønn skjer i samsvar med tariffavtale, kommunen sitt personalreglement, og andre føresegner.

Om forskot på lønn og feriepengar vert det vist til personalreglementet.

Reiserekningar vert utbetalt saman med ordinær lønn og skal leverast løningskontoret innan fristen for neste lønskøyring.

Utbetaling av reise - og lønsforskot skal vera ein unntaksregel.

Rådmannen fastset nærare retningsliner.

### 8.3 Reglar for kontantkasse

Økonomisjefen kan i særlege tilfelle innvilga rett til kontantkasse til bruk for mindre innkjøp når kredittkjøp ikkje er mogeleg og/eller til vekslepengar. Desse vilkåra skal vera til stades ved oppretting av kontantkasse:

1. Det skal peikast ut ein ansvarleg person for kvar kontantkasse
2. Det skal liggja føre kvitterte bilag for kvart beløp som er utbetalt frå kontantkassa
3. Kvitterte bilag skal attesterast og tilvisast før utbetalt beløp blir refundert kontantkassa
4. Kassa skal til ei kvar tid vera ajour.
5. Kassa skal til ei kvar tid vera tilgjengeleg for kontroll

Kontantkassar vert òg nytta til innbetalingar frå publikum og tilsette.

Ved feriar og anna fråvær må dei ansvarlege syta for å overlata ansvaret mellombels til ein annan namngitt person ved kontoret.

### 8.4 Gåver

Tenestestadene er ikkje eigne rettssubjekter, men ein del av Eidfjord kommune. Pengegåver til ein tenestestad skal innbetalast og rekneskapsførast i rekneskapen til kommunen. Pengegåver skal brukast i tråd med ynskje til givaren. Tenestestaden avgjer sjølv bruken om givaren ikkje har uttrykt særskilde ynskje.

## 9 GARANTIAR

### 9.1 Om garantiar

Kml. § 14-19 med tilhøyrande forskrifter omhandlar reglane om garantiar. Det er ikkje høve til å gje garantiar til næringsverksemd. Som hovudregel skal garanti gis som simpel kausjon. Sjølvskyldnarkausjon kan gis som eit unntak. Det er ikkje høve til å pantsetta eignelutane til kommune.

Vedtak om garanti skal gjerast av kommunestyret. Vedtak om garantistilling skal innehalda tidsavgrensing for garantien. Ved garantiar knytt til investeringar, skal garantitida ikkje overstiga investeringsobjektet si levetid.

Vedtak om kommunal garanti for beløp under kr 50 000 gitt i medhald av lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen, er delegert til rådmannen.

Alle garantiar på meir enn kr 800 000 skal godkjennast av departementet v/ fylkesmannen, jf. forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantiar.

## 10 RAPPORTERING

### 10.1 Periodisk rapportering

Gjennom året skal kommunestyret, i tillegg til årsrekneskapen per 31.12, handsama følgjande rekneskapsrapportar:

- Tertialrapport 1 per 30 april.
- Tertialrapport 2 per 31 august

Kvartalsrapportane skal vurdera verksemda i høve til vedtekne budsjettrammer. Ved negative avvik skal det setjast i verk tiltak for å retta opp avviket slik at budsjettet vert halde.

Om det er naudsynt med budsjettendringar skal dette i hovudsak tas opp samstundes med handsaming av tertialrapporten.

I tillegg skal rådmannen gi ein enkel rapport til formannskapet om viktige avvik eller andre hendingar ein har kjennskap til som kan verka inn på budsjettsituasjonen. Dersom avviket er negativt skal rådmannen føreslå tiltak. Rapporten kan gjevast ved munnleg framstilling i møtet.

### 10.2 Årsmelding

Årsmelding skal utarbeidast i medhald av kml. § 14-7 og vera ferdig innan 31. mars året etter rekneskapsåret. Årsmeldinga skal handsamast av kommunestyret saman med årsrekneskapen innan 30. juni. Rådmannen har ansvar for å utarbeida årsmelding som omfattar følgjande:

- Ekstraordinære tilhøve, avvik
- Informasjon om viktige tilhøve ved kommunen si tenesteyting
- Tilhøve som er viktige for å vurdera kommunen si stilling og det økonomiske resultatet

- Andre tilhøve av vesentlig karakter
- Likestilling og diskriminering
- Internkontroll
- Etikk

### 10.3 Nasjonal rapportering (KOSTRA)

Nasjonal rapportering (Kostra-rapportering) omfattar elektronisk rapportering til SSB av:

1. Rekneskap
2. Data frå fagsystema Sosial og Barnevern
3. Tenesterapportering (elektroniske skjema)

Rapporteringsfrist er 15. februar. Nokre skjema har avvikande rapporteringsfrist.

Økonomisjefen har ansvar for at det ved årsstart ligg føre ein aktivitetsplan/-kalender som inneheld aktivitet, ansvar slik at det er klart kven som har ansvar for det einskilde rekneskap og tenesteskjema for opplæring, testing og sending av data.

I tillegg til årsrapporteringa skal det rapporterast kvartalsvis frå rekneskapen.

## 11 SAL AV FAST EIGEDOM OG ANDRE ANLEGGSMIDLAR

Sal av aksjar/ andelar skal avgjerast av rådmannen.

Sal av eigedommar, bygningar og driftsmidlar med verdi over kr 400 000,- skal avgjerast av kommunestyret. (sjå delegeringsreglement 2-3 bokstav a)

Mindre grensejusteringar kan avgjerast av rådmannen.

Sal av driftsmidlar opp til kr 150 000,- kan avgjerast av rådmannen.

Sal av kommunale bustadtomter fylgjer kommunens vedteke regelverk. (Reglar for tildeling av kommunal bustadtomt)

## 12 INVESTERINGSPROSJEKT




### 12.1 Definisjon av investeringsprosjekt

Investering gjeld kjøp av varige driftsmidlar som kostar over kr 100 000, og kor investeringsobjektet har ei venta levetid på minst 3 år. Vanlegvis vil investeringane liggja innanfor kategoriane:

• Bygg
• Inventar og utstyr,maskinar og køyrety
• IT-investeringar
• Anlegg - inkludert park- og idrettsanlegg

Dette kapittelet tar for seg krav til gjennomføring av investeringsprosjekt.

Alle investeringar skal budsjetterast og rekneskapsførast i investeringsbudsjettet/ -rekneskapen. Ved større skader, havari eller liknande innanfor normal levetid, vil reparasjon/ erstatning vanlegvis reknast som vedlikehald og skal finansierast over driftsbudsjettet.
Investeringar til erstatning for utstyr m.v. som er utslitne på vanleg vis, blir å rekna som investering dersom kriteria over elles er oppfylte.

Sjå KRS nr. 4 for avgrensinga mellom driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen.

## 12.2 Utgreiing av behov

Rådmannen har ansvar for å leggja fram oversyn over investeringar som vert vurdert som naudsynt og ynskjelege.

Frist for innmelding av behov i samband med økonomiplan og årsbudsjett er 1. juli.

## 12.3 Politiske vedtak før igangsetting

Større investeringar skal som hovudregel fremjast ved rullering av økonomiplanen. Deretter skal dei innarbeidast i årsbudsjettet, før eventuelt prosjektet eller eit forprosjekt vert fremja som einskildsak for kommunestyret. Løyving til eventuelt forprosjekt og planlegging skal som hovudregel vera innarbeidd i økonomiplan og årsbudsjett. Dersom det er naudsynt å fremja investeringsprosjekt utanom dette, skal prosjektet leggjast fram for kommunestyret gjennom formannskapet. Dette skal berre skje i reine unntakstilhøve.

Rådmannen skal så snart råd er rapportera til ordførar, formannskap og/eller kommunestyret om eventuelle avvik for kostnader som gjeld investeringar som er sett i gang, og om naudsynt be om tilleggsløyvingar. Rådmannen tek stilling til om arbeidet skal stoggast før eventuelt vedtak om tilleggsløyving ligg føre.

Rådmannen skal følgja opp investeringsprosjekt på grunnlag av budsjettvedtak. Ved investering i inventar, utstyr, køyretøy og liknande har rådmannen fullmakt til å gjennomføra prosjektet innanfor vedtekne budsjettrammer og dei føringar som ligg i budsjettkommentarar og eventuell saksutgreiing.

Større prosjekt, som investeringar i bygg og anlegg, og/eller prosjekt der føresetnadene ikkje er fullt ut klarlagde i budsjettet, skal følgjast opp ved at rådmannen fremjar prosjektet gjennom ei eiga sak til kommunestyret. I tillegg til å skildra det aktuelle prosjektet skal ei slik sak innehalda:

- Framlegg til samla løyving for heile prosjektet, basert på eit realistisk kostnadsoverslag. Det skal nyttast bruttobudsjettering. Uføresette tilskot og gåver kan ikkje nyttast til å auka investeringsramma utan godkjenning frå kommunestyret.
- Kontostreng (ansvar, teneste, prosjektnummer)

- Finansieringsplan.
- Kostnadsoverslaget skal skilja mellom kostnader til bygningar/tomt/fast utstyr og inventar/maskiner/transportmiddel
- For større investeringar skal ein framdriftsplan og vurdering av konsekvensar for likviditeten gå fram av saksutgreiinga.
- Ved alle prosjekt skal konsekvensar for drifta utgreiast, herunder auka renteutgifter og avdrag.
- Det skal vurderast om prosjektet skal ha ein reserve. Dette er spesielt viktig ved større, komplekse prosjekt.

Eventuelt forprosjekt skal, saman med kostnadsoverslag, leggjast fram for kommunestyret for godkjenning dersom det ikkje ligg føre vedtak om delegering.

## 12.4 Forprosjekt og detaljprosjekt

For større bygg og anlegg er det aktuelt først å laga ei sak om prosjektet til kommunestyret, og deretter utarbeida både forprosjekt og detaljprosjekt før bygginga vert sett i gang. Det er ikkje tenleg å ha detaljerte reglar for korleis dette skal gjerast, fordi det vil vera ulikt frå prosjekt til prosjekt.

Hovudregelen for større prosjekt vil vera at kommunestyret først gjer vedtak om å arbeida vidare med eit prosjekt slik det er omtala i punkt 12.3 ovanfor. Som del av vedtaket bør det blant anna gå fram korleis den vidare saksgangen skal vera, t.d. at det skal lagast eit forprosjekt som kommunestyret seinare skal godkjenna.
I kostnadsoverslaget skal det takast med ein reserve for uføresette kostnader.

Alle Utlysingar skal innom innkjøpsrådgjevar for kontroll.

Ved større avvik frå budsjettert kostnad i dei ulike fasane av prosjekta skal det leggjast fram sak til kommunestyret før vidare arbeid/prosess kan fortsette.

## 12.5 Oppfølging av investeringar i budsjett

- For prosjekt som går over fleire budsjettår, gjeld opphaveleg vedtak årsuavhengig. Budsjetterte midlar som ikkje vert brukt i budsjettåret, må bevilgast på nytt neste år.
- Investeringsprosjekt skal setjast i gang det året det er budsjettert. Prosjekt som ikkje vert sett i gang i budsjettåret eller som dreg ut mykje i tid, skal vurderast på nytt i økonomiplan og budsjett.
- I tertialrapporteringa må det vurderast om det skal gjerast framlegg om budsjett-justeringar ved større avvik.
- Ved rullering av økonomiplanen skal det kvart år gjerast ei ny vurdering av dei enkelte investeringsprosjekta, blant anna om kostnadsoverslaget bør justerast for endra prisar og som følgje av nye opplysningar, og konsekvensar for driftsbudsjettet.

## 12.6 Prosjektansvarleg og oppfølging i byggjetida

Etter at kommunestyret har godkjent eit prosjekt, gjennom einskildsak eller som forprosjekt, har rådmannen ansvar for å gjennomføra prosjektet og prioritere ressursar. Rådmannen tek eksempelvis standpunkt til om det skal nyttast ekstern byggjeleiar. Før eit

prosjekt vert sett i gang vurderer rådmannen om opplegget for finansiering er akseptabelt; det vil som regel ikkje vera naudsynt å venta på at låneopptak er gjennomført så lenge kommunestyret har gjort vedtak om låneopptak anten som del av budsjettet eller i eiga sak.

Alle vedtak inkl. investeringsprosjekt vert fulgt opp i rådmannens leiargruppe. Samla oversyn over alle prosjekt ligg i eige fil som administrativt følges opp med hovudansvarlege for kvart prosjekt.

Prosjektansvarleg har blant anna ansvar for:

- At investeringa vert utført innanfor gjeldande regelverk og retningsliner,
- Framdriftsplan
- Økonomisk styring
- For byggjeprosjekt; at byggjeløyve og alle andre naudsynte løyve ligg føre, og at det vert henta inn anbod/ tilbod.
- For byggjeprosjekt; At alle avtalar med grunneigarar er i orden.
- For byggjeprosjekt; at byggjerekneskapen er innretta på ein slik måte at ein til kvar tid har fullt oversyn.
- Rapportering til rådmannen, som melder vidare til folkevalde.
- Sluttrekneskap, i samarbeid med økonomisjef, for store prosjekt sjå punkt 12.8.

Alle dokument vedkommande eit prosjekt skal arkiverast i ei og same mappe i saksarkivet i WebSak.

### 12.7 Overtaking

- Eit investeringsprosjekt er ferdig når overtakingsforretning er skriven under, eller når kommunen som kjøpar har overteke det fulle ansvaret.
- Det skal utarbeidast byggedokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald for byggjeprosjekt før overtakingsforretning skal gjerast.

### 12.8 Sluttrekneskap

- Endeleg bygge- eller prosjektrekneskap for eit kvart investeringsprosjekt over 2 mill. skal leggjast fram for revisjonen, kontrollutvalet, formannskap og kommunestyre.
- Sluttrekneskap skal lagast så snart ein har fullstendig oversyn over utgiftene, og bør setjast opp i samsvar med spesifikasjonane i kostnadsoverslaget.
- Sluttrekneskapen bør visa kva som er opphaveleg løyving og kva som er gjeve som tilleggsløyving, og korleis eit prosjekt er finansiert.
- Dekking av udekka / disponering av udisponert løyving vert gjort i samband med årsavslutninga av investeringsrekneskapen.

**Eidfjord** kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**

Saksframlegg

**Saksnr:** 2024/20-5
**Saksbehandlar:** Kjartan Haugsnes

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Eidfjord kommune, Kontrollutvalet | 9/24 | 11.04.2024 |

# Vedtak Årsmelding for kontrollutvalet 2023

### Forslag til vedtak

Referatsaka vert teken til orientering

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg
1 Vedtak kst 040324 Årsmelding KU 2023

**EIDFJORD KOMMUNE**

| | |
|---|---|
| Arkiv: | K1-212 |
| Arkivsak ID: | 20/467 - 13 |
| Journalpost ID: | 2024001612 |
| Saksh.: | Steigedal, Magnus |
| Dato: | 19.02.2024 |

| Styre, utval, komite m.m | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Eidfjord kommunestyre | 04.03.2024 | 24/023 |

# Årsmelding for kontrollutvalet 2023

**Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:**
Eidfjord kommunestyre godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2023.

**04.03.2024 - Eidfjord kommunestyre**
**Røysting:**
Samrøystes vedteke.

**KST - 24/023 - Vedtak:**
Eidfjord kommunestyre godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2023.

**Vedlagt:**
Årsmelding frå kontrollutvalet for 2023

**Vedtak skal sendast til:**
Kontrollutvalet

**Endeleg avgjerd i:**
Eidfjord kommunestyre

**Saka gjeld:**
Sekretariatet har laga forslag til kontrollutvalet si årsmelding for 2023. Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Det er kommunestyre som har vedtakskompetanse i saker som vert rapportert frå kontrollutvalet.

Sjå kommunelova § 23-5 som seier:
«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget. I saker som skal oversendes til kommunestyret eller fylkestinget, skal kommunedirektøren gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler saken.»

**Vurderingar og verknader:**

Ettersom årsmeldinga også fungerar som ei rapportering til kommunestyret, vert det lagt opp til endeleg handsaming av årsmeldinga der, slik det og har vore gjort i ei årrekke.

**Konklusjon:**
Sekretariatet sitt forslag til innstilling er at årsmeldinga vert godkjent.

Magnus Steigedal
rådmann

Steigedal, Magnus
sakshandsamar

Rett utskrift:

Eidfjord kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**

Saksframlegg

**Saksnr:** 2022/305-31
**Saksbehandlar:** Kjartan Haugsnes

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Eidfjord kommune, Kontrollutvalet | 10/24 | 11.04.2024 |

# Vedtak Forvaltningsrevisjonsrapport psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråvær

### Forslag til vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg
1 Vedtak kst 040324 forvaltningsrevisjon sjukefråvær

**EIDFJORD KOMMUNE**

| | |
|---|---|
| Arkiv: | K1-216 |
| Arkivsak ID: | 22/630 - 6 |
| Journalpost ID: | 2024001857 |
| Saksh.: | Steigedal, Magnus |
| Dato: | 27.02.2024 |

| Styre, utval, komite m.m | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| Eidfjord kommunestyre | 04.03.2024 | 24/022 |

# Forvaltningsrevisjon psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråvær

**Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:**

1. Kommunestyret viser til tilrådingane i rapporten «psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråver
2. På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon «psykosocialt arbeidsmiljø og sjukefråver» ber kommunestyret rådmannen syte for å:
3. prioritere arbeidet med internkontroll og avviksrapportering- og handsaming i organisasjonen.
4. utarbeide ein overordna plan for arbeidet med psykososialt arbeidsmiljø
5. systematisere arbeidet kring ulike arbeidsmiljøfaktorar i organisasjonen
6. definere kompetansebehovet for dei ulike leiarane og arbeide systematisk med HMT-opplæring i kommunen for å sikre naudsynt opplæring og kompetanse
7. etablere rutine for organiseringa av sekretærfunksjonen for AMU
8. gjennomføre evaluering av AMU sin funksjon og rolle i organisasjonen samt etablere rutine for sikre at utvalet varetar og utøver funksjon, rolle og oppgåver både i høve til lov og forskrifter og i høve til IA-avtalen
9. etablere rutine for gjennomføring av HMT-opplæring for medlemar av arbeidsmiljøutvalet
10. gjennomgå og oppdatere rutinar for sjukefråværsoppfølging for kommunen som heilskap.
11. innføre praksis for å gjennomføre formelt dialogmøte seinast etter sju veker sjukefråvær
12. utarbeide dokumentmalar og rutinar for dokumentasjon og arkivering av sjukefråværsoppfølging
13. Kommunestyret ber også om at rådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Eidfjord kommune innan 2.mai 2024 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

**04.03.2024 - Eidfjord kommunestyre**

**Gildskap:**
Atle Myklatun (H) stilte spørsmål om sin gildskap i saka då han er med i kontrollutvalet.
Rådmann vurderte at han vart røysta ugild då han har vore med å tilrettelagt saka i kontrollutvalet.

**Røysting gildskap:**
Atle Myklatun (H) vart røysta gild mot ein røyst.

**Handsaming:**
Janne Eraker, revisjonssjef v/ Vestlandsrevisjon orienterte om bakgrunn for saka.

**Røysting sak:**
Samrøystes vedteke.

**KST - 24/022 - Vedtak:**

1. Kommunestyret viser til tilrådingane i rapporten «psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråver
2. På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon «psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråver» ber kommunestyret rådmannen syte for å:
3. prioritere arbeidet med internkontroll og avviksrapportering- og handsaming i organisasjonen.
4. utarbeide ein overordna plan for arbeidet med psykososialt arbeidsmiljø
5. systematisere arbeidet kring ulike arbeidsmiljøfaktorar i organisasjonen
6. definere kompetansebehovet for dei ulike leiarane og arbeide systematisk med HMT-opplæring i kommunen for å sikre naudsynt opplæring og kompetanse
7. etablere rutine for organiseringa av sekretærfunksjonen for AMU
8. gjennomføre evaluering av AMU sin funksjon og rolle i organisasjonen samt etablere rutine for sikre at utvalet varetar og utøver funksjon, rolle og oppgåver både i høve til lov og forskrifter og i høve til IA-avtalen
9. etablere rutine for gjennomføring av HMT-opplæring for medlemar av arbeidsmiljøutvalet
10. gjennomgå og oppdatere rutinar for sjukefråværsoppfølging for kommunen som heilskap.
11. innføre praksis for å gjennomføre formelt dialogmøte seinast etter sju veker sjukefråvær
12. utarbeide dokumentmalar og rutinar for dokumentasjon og arkivering av sjukefråværsoppfølging
13. Kommunestyret ber også om at rådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Eidfjord kommune innan 2.mai 2024 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

**Vedlagt:**
Forvaltningsrapport, partsbrev og saksframlegg frå kontrollutvalet

**Endeleg avgjerd i:**
Kommunestyret

**Saka gjeld:**
Forvaltningsrevisjon har på vegne av kontrollutvalet i Eidfjord kommune gjennomført forvaltningsrevisjon av psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråver.
Kontrollutvalet i Eidfjord kommune godkjente prosjektplan for forvaltningsrevisjon «psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråver i møte 20.10.2022, PS 20/22

Rapporten var til behandling i kontrollutvalsmøte 08.02.2024

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke. Innstilling følgjer under :

1.Kommunestyret viser til tilrådingane i rapporten «psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråver
2.På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon «psykososialt arbeidsmiljø og sjukefråver» ber
kommunestyret rådmannen syte for å:
3.prioritere arbeidet med internkontroll og avviksrapportering- og handsaming i organisasjonen.
4.utarbeide ein overordna plan for arbeidet med psykososialt arbeidsmiljø
5.systematisere arbeidet kring ulike arbeidsmiljøfaktorar i organisasjonen
6.definere kompetansebehovet for dei ulike leiarane og arbeide systematisk med HMT-opplæring i
kommunen for å sikre naudsynt opplæring og kompetanse
7.etablere rutine for organiseringa av sekretærfunksjonen for AMU
8.gjennomføre evaluering av AMU sin funksjon og rolle i organisasjonen samt etablere rutine for
sikre at utvalet varetar og utøver funksjon, rolle og oppgåver både i høve til lov og forskrifter og i
høve til IA-avtalen
9.etablere rutine for gjennomføring av HMT-opplæring for medlemar av arbeidsmiljøutvalet
10.gjennomgå og oppdatere rutinar for sjukefråværsoppfølging for kommunen som heilskap.
11.innføre praksis for å gjennomføre formelt dialogmøte seinast etter sju veker sjukefråvær
12.utarbeide dokumentmalar og rutinar for dokumentasjon og arkivering av sjukefråværsoppfølging
13.Kommunestyret ber også om at rådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Eidfjord kommune innan 2.mai 2024 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet ber revisor presentere rapporten for kommunestyret.

**Vurdering:**
Kontrollutvalet sin innstilling leggast fram for kommunestyret.

Magnus Steigedal — Steigedal, Magnus

rådmann sakshandsamar

Rett utskrift:

Fra: Kaland. Linda Ågotnes[linda.kaland@eidfjord.kommune.no]
Sendt: 19.03.2024 09:02:41
Til: Kjartan Haugsnes[Kjartan.Haugsnes@vlfk.no]
Kopi: Langøy, Britt-Karin[britt.langoy@eidfjord.kommune.no];Steigedal Magnus[Magnus.Steigedal@eidfjord.kommune.no];
Tittel: SV: Rutinar godtgjersle

---

> Det er ikke ofte du mottar e-post fra linda.kaland@eidfjord.kommune.no. Finn ut hvorfor dette er viktig.

Hei Kjartan!
Vedlagt regelverk for godtgjersle til folkevalde i Eidfjord.
Sekretær i utvalet skal føre møtegodtgjersle skjema (vedlagt) som sendes inn til kommunen før lønnskjøring i juli og desember for utbetaling. (Kan sendes på e-post til postmottak, og eller meg og Britt)

(*Leiargodtgjersla vert utbetalt på desemberløn).

Venleg helsing Linda

---

**Fra:** Steigedal Magnus <Magnus.Steigedal@eidfjord.kommune.no>
**Sendt:** tirsdag 19. mars 2024 08:21
**Til:** Kjartan Haugsnes <Kjartan.Haugsnes@vlfk.no>
**Kopi:** Kaland. Linda Ågotnes <linda.kaland@eidfjord.kommune.no>
**Emne:** SV: Rutinar godtgjersle

Hei!

Linda kan nok hjelpe deg videre med denne Kjartan.

Helsing
Magnus

---

**Fra:** Kjartan Haugsnes <Kjartan.Haugsnes@vlfk.no>
**Sendt:** mandag 18. mars 2024 16:07
**Til:** Steigedal Magnus <Magnus.Steigedal@eidfjord.kommune.no>
**Emne:** Rutinar godtgjersle

Har de rutinar for utbetaling av godtgjersle til medlemmane i kontrollutvalet?
Nokon har spurt, og då kunne eg gjeve dei informasjonen i møte 11.04

Med helsing

**Kjartan Haugsnes**
Seniorrådgjevar

Sekretariat for kontrollutvalet

Vestland fylkeskommune

Tlf: 901 89 542
www.vestlandfylke.no

# "Regelverk for arbeidstilhøve og godtgjersle for folkevalde" 2024-2027

*Slike reg/ar gjeld for arbeidstilhøve og godtgjersle for folkevalde i Eidfjord kommune med verknad frå* ***1. november 2023*** *(vedteke i kommunestyre 26.05.2023)*

## I PRAKTISKE TILTAK FOR Å LETTE ARBEIDET

### a. møteplan

1. Det skal utarbeidast samordna årsplanar før møta. Ordføraren skal ha ansvaret for å utarbeida dei.

2. Alle møte i kommunale styringsorgan med folkevalde medlemer skal som hovudregel haldast på dagtid.

3. Temamøte bør leggjast til same dag som kommunestyremøte. Vara medlemar må innkallast til temamøte. Temamøte kan og leggast til ettermiddagstid

4. Juli og august skal det som hovudregel vera ferie.

5. Møteplanane skal ikkje fråvikast utan at det ligg føre særlege omstende.

### b. opplæring

1. Kommunen har ansvar for at dei folkevalde får opplæring. "Opplæring folkevalde" skal vera ein fast post i årsbudsjetta.

2. Ordføraren skal ha det overordna ansvaret for planlegging og iverksetjing av opplæringstiltak for dei folkevalde.

3. Etter nytt kommuneval skal det før årsskiftet haldast opplæringskurs for det nye kommunestyre.

4. For dei nyvalde medlemene i utvala skal det vera opplæringskurs før 1. april det fyrste året i valbolken.

5. Kursa kan byggja på KS sitt kurs- og informasjonsmateriel.l

6. Trangen for opplæring skal elles vurderast etter kvart i løpet av valperioden.

7. Folkevalde skal få tilbod om å delta på opplæringskurs for tilsette når dei er relevante .

8. Kommunen skal abonnera på eit digitalt abonnement på "Kommunal rapport" til alle faste kommunestyremedlemar, dei 2 fyrste vara medlemane på kvar valliste og kontrollutvalet.

9. Ekskursjonar skal arrangerast når det er trang for det.

I

## Ii ØKONOMISKE ORDNINGAR

Den faste godtgjersla til ordførar, varaordførar, formannskapsmedlem og vara medlem til formannskapet skal justerast årleg 01.05.

Satsane for møtegodtgjersle, leiargodtgjersle og tapt arbeidsinntekt skal justerast årleg 01.07

### A GODTGJERSLE

**Ordføraren**

a) Ordføraren si godtgjersle skal utgjera 90% av stortingsrepresentantane si årlege faste grunngodtgjerlse pr. 01.05 i året. Ordføraren får ikkje møtegodtgjersle/leiargodtgjersl.e

b) Ordføraren har rett til sjukepengar, og tek del i gjeldande pensjons- og forsikringsordningar.

c) Ordføraren får godtgjersle i inntil 3 månader dersom vedkomande ikkje trer inn i ny stilling etter valperioden.

d) Ordførar som ikkje fortsetter i vervet etter valget, har rett på utbetaling av feriepengar i januar påfylgjande år. Feriepengegrunnlaget vert berekna på grunnlag av godtgjersle utbetalt siste kalenderår inkludert eventuelt tillegg av etterlønn. (jmf. regelverket for godtgjersle til stortingsrepresentatar § 14.)

**Varaordførar:**
Varaordførar si årlege godtgjersle skal utgjera 10% av ordførargodtgjersla.

**Formannskapsmedlemmene**
Formannskapsmedlemmene (ikkje ordføraren og varaordføraren) får 4% ordførarløn i fast årleg godtgjersle.

Dersom ein representant har fråvær i meir enn 25 % av møta, vert den faste godtgjersla redusert tilsvarande det totale fråværet. Dersom fråværet skuldast anna kommunal verksemd, sjukdom, fødsels- og adopsjonspermisjon vert det ingen reduksjon i den faste godtgjersla. Kommunen betaler likevel ikkje godtgjersle lengre enn 12 md. Føresetnaden er at ein har teke til i vervet.

**1. Varamedlem til formannsskapet**
1. varamedlem til formannsskapet får 1% av ordførarløn i fast årleg godtgjersle pluss møtegodtgjersle.

Andre varamedlem som møter i meir enn 25 % av møta får prosentvis fast godtgjersle i høve til frammøte. Det vert då ikkje betalt møtegodtgjersle. Det vert føreteke ei avrekning mot slutten av året for dei representantane dette er aktuelt for.

**Møtegodtgjersle**

Møtegodtgjersla pr. møte er 0,1% av ordførarløn, uavhengig av lengd på møtet.

Dette gjeld alle navngitte personar som er oppnemt av kommunestyre til ulike

komitear/utval eller andre verv, så lenge det ikkje vert **utbetalt møtegodtgjersle av "ekstern"** komite/eining.

**Leiar komitearbeid:**
Leiar av politisk oppnemnte komitear får dobbel møtegodtgjersle pr. møte.

**Leiargodtgjersle utval, styrer og råd:**

| | |
|---|---|
| Gruppe I | 1,25 % av ordførarløn i fast godtgjersle. |
| Gruppe Ii | 0,50 % av ordførarløn i fast godtgjersle. |

Røystestyra:
Det vert nytta administrative ressursar i samband med gjennomføringa av vaiet. Her vert det nytta dei tilsette si vanlege løn + evt. overtid.

B LEIARGODTGJERSLE - GRUPPERING AV UTVAL, STYRER OG RÅD

Gruppe I:
- Kontrollutvalet

Gruppe II
- Råd for eldre og personar med funksjonsnedsetjing
- Ungdomsrådet
- Overtakstnemnda
- Målbruks- og namnenemnda
- Vilt- og innlandsfiskenemnd
- Motorferdselsutvalet
- Tilsynsutvalet for Hardangervidda nasjonalpark
- Takstnemnda for eigedomsskatt

Årleg godtgjersle vert utbetalt når utvalet har hatt minst eit møte i gjeldande år.

C TAPT ARBEIDSINNTEKT

**1. Legitimert tap i inntekt**

Folkevalde som på grunn av kommunale verv får tap i ordinær arbeidsinntekt, (løn el. næringsinntekt) har rett til å få tapet dekka.

For lønsmottakarar vert legitimert tap av inntekt dekka etter trekkoppgåve frå arbeidsgjevar, eller som direkte refusjon til arbeidsgjevar etter avtale. Som grunnlag for refusjon inngår løn, feriepengar, pensjon og andre tillegg som den einskilde taper. For sjølvstendig næringsdrivande vert legitimert tap av inntekt synleggjort ved likningsattest/utskrift av næringsoppgåve. Dag satsen vert netto ferdig likna næringsinntekt siste år, eller gjennomsnittleg ferdig likna inntekt 3 siste år, dividert på 235 yrkesdagar.

Legitimerte krav pr. dag: Inntil 0,5% av ordførarløn, 1 møtedag= 7,5 timar

**2. Ulegitimert tap i inntekt**

Folkevalde som får tap i ordinær arbeidsinntekt p.g.a. kommunale verv, men som ikkje kan legitimere tapet, har rett på erstatning. På begynt time vert rekna som ny time.

Ulegitimerte krav pr. dag: Inntil 0,2% av ordførarløn. 1 møtedag= 7,5 timar

Heimeverande husmødrer/husfedrar får og dekka ulegitimert tap i arbeidsforteneste. I tillegg til heimeverande husmødre/husfedrar får studentar, pensjonistar og frilansarar dekka tapet etter denne satsen.

Reisetid til og frå møtet vert rekna som møtetid:

**merknader**

a Krav om dekking av tapt arbeidsinntekt skal setjast fram for nemndformannen evt. sekretæren som attestera kravet.

b Rådmannen får fullmakt til å ta stilling til krav om tapt arbeidsinntekt innafor dei fastsette maksimumssatsane .

c Ved klager avgjer formannskapet saka med endeleg verknad.

d Leiarane av dei sentrale utvala kan frikjøpas inntil 6 dagar i året. Dette vert dekka innafor reglane om tap av legitimerte/ulegitimerte inntekter. Frikjøp skal i hovudsak skje i samband med møta i utvalet.

D UTGIFTSDEKKING

**Utgifter til omsorgsvikar.**
Utgifter til omsorgsvikar vert godtgjort etter legitimerte utgifter.

**Telefongodtgjersle**
Ordførar får fri telefon.

**Reisegodtgjersle**
Reiseutgiftene til og frå kommunale møte vert dekka etter det kommunale regulativet. Utbetaling skjer berre etter framlagt rekning. Minsteavstanden tur/retur er 10 km.

E GRUPPESTØNAD

**tiltak:**

a Gruppene bør sikrast lokale med kontor/arkivplass og høveleg utstyr.

b Kommunen yt økonomisk støtte til dei politiske partia/gruppene etter regelverk vedteke i k.sak 14/06.

## MØTEGODTGJERSLE - . HALVÅR 202:

**Møtegodtgjersla er kr. 997,- for perioden frå 01.07.2023 - 31.07.2024:**

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | type møte: | | | | | | | |
| | Dato: | | | | | | | |
| | Klokkeslett: | | | | | | | |
| Ressurs nr: | | | | | | | | |
| | Medlem: | | | | | | | TOTALT: |
| | | | | | | | | - |
| | | | | | | | | - |
| | | | | | | | | - |
| | | | | | | | | - |
| | | | | | | | | - |
| | Varamedlem: | | | | | | | - |
| | | | | | | | | - |
| | | | | | | | | - |
| | | | | | | | | |
| | Lønnart 2700 | | | | | | | |
| | Konto 10800, Ansvar 10, Teneste | | | | | | | |
| | | | | | | | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Dato / Attestert: | Dato / Tilvist: | TOTALT | kr - |

| Leiargodtgjersle | | | |
|---|---|---|---|
| 01.01.2023-30.06.2023 | kr. 957900,- x 1,25% = kr. 4790,- | kr. 4790,- :12mnd x 6 mnd = kr. 2395,- | 5 987 |
| 01.07.2023-31.12.2023 | kr. 996500,- x 1,25% = kr. 4983,- | kr. 4983,- :12mnd x 6 mnd = kr. 2491,- | 6 228 |
| | | Totalt | 12 215 |

**Eidfjord** kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**

Saksframlegg

**Saksnr:** 2023/450-20
**Saksbehandlar:** Kjartan Haugsnes

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Eidfjord kommune, Kontrollutvalet | 15/24 | 11.04.2024 |

# Eventuelt

### Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

### Samandrag

Det er lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til å sjølv å ta opp saker som ikkje er på sakslista.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Denne saka er å sjå på som ei formalisering av kommunelova § 11-2 siste avsnitt som seier:
*«Alle medlemmer kan stille spørsmål til lederen, også om saker som ikke står på sakslisten»*

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsama sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2

### Vurderingar og verknader

Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte

### Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare utgreiing av saker som kontrollutvalet ynskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt få ei orientering frå kommunedirektør eller andre i eit seinare møte.